



Årsmelding og årsrekneskap 2021 Suldal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg, april 2022

Bilete i dokumentet frå biletbasse profilering og frå organisasjonen:

Framsida: Ny rasteplass ved Suldalsporten

Hovudbilete utviklingstrekk – Erfjord - Stølane barnehage – tur med Anbjørn Vaage

Hovudbilete økonomi – Vasshus

Hovudbilete organisasjon – Sand - hagearbeid utanfor Suldal sjukeheim

Hovudbilete handlingsprogram – Erfjord - Stølane barnehage – tur med Anbjørn Vaage

Hovudbilete utfordringar framover – Foldøy - Fattigham

INNHALD

KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING.....	4
UTVIKLINGSTREKK	5
SAMFUNNSTAL	6
NØKKELTAL OG MÅLTAL	11
ØKONOMI	13
DRIFT	14
INVESTERING	20
ØKONOMIRAPPORTERING EININGANE	24
ANNA ØKONOMIRAPPORTERING	30
ORGANISASJON	33
POLITISK VERKSEMD	34
HANDLINGSPROGRAM 2021-2024	43
1. FOLKETAL OG ARBEID	44
2. SAMFUNNSUTVIKLING OG SAMFUNNSTRYGGLEIK	45
3. KUNNSKAPSSAMFUNNET	56
4. Å BU OG TRIVAST.....	58
5. KOMMUNEN SOM ORGANISASJON OG ARBEIDSGJEVAR.....	63

Kommunedirektøren si innleiing



Årsmeldinga er kommunedirektøren si tilbakemelding til dei folkevalde på budsjett og handlingsprogram lagt for føregåande år.

Resultat og verda rundt oss

Suldal kommune fekk eit netto driftsresultat i på kr 133 mill. kr i 2021. Dette tilsvarar 19,2 prosent av driftsinntektene. Høgare skatteinngang og meir i frie inntekter enn dei statlege styringssignala la til grunn er nokre årsaker.

Suldal kommune sel konsesjonskrafta i spotmarknaden. Det gav eit svakt resultat i 2020, men eit godt resultat i 2021. Vårt prisområde blir påverka av energisituasjonen i Europa.

Inntektene gjev Suldal unike moglegheiter til å gjere store investeringar for fellesskapet. Kulturhuset, Suldal bad og Framtidas omsorg er resultat av dette. Resultatet i 2021 gjer at Suldal kan setje av økonomiske midlar til store investeringar og vanskelege tider.

Me er ein del av verda rundt oss. Situasjonen lokalsamfunnet, regionen og nasjonen har stått i under Covid-19 gjer at framtida har vore meir usikker enn tidlegare. Situasjonen med krig i Ukraina forsterkar dette biletet for heile Europa. Økonomiske og sosiale framtidsutsikter er meir usikre enn på mange tiår.

Folketal og sysselsetjing

Frå ei auke i folketal på 0,1% i 2020 viser tala ein nedgang på 0,7% i 2021. Ein av dei viktigaste utfordringane våre framover er å snu utviklinga og sikre vekst i Suldals-samfunnet. Det er for første gong fleire eldre over 67 år enn yngre under 15 år i kommunen. Den utviklinga vil halda fram dei

neste åra og den vil utfordre måten vi gir tenestene på.

Arbeidsmarknaden i Suldal har hatt ei positiv utvikling. Arbeidsløysa var i 2020 opp mot 10 prosent. Ved utgangen av 2021 er den 1,6 prosent. Dette er resultat betre enn landsgjennomsnittet.

Til beste for innbyggjarane

Suldal kommune er ein aktiv samarbeidspartner og tilretteleggjar for næringslivet. TV sendingane Matskattar i Suldal og cruise i Hylsfjorden er gode suksesshistorier med støtte frå Suldal kommune.

Arbeidet med ny samfunnsdel i kommuneplanen fekk stort fokus i 2021. Samfunnsdelen handlar om korleis me skal bu, arbeida og utvikla oss i Suldalssamfunnet i åra som kjem. Medverknad har stått sentralt for å forankre samfunnsdelen på ein god måte i samfunnet.

Kompetanse og kvalitet

Det blir fleire eldre som skal ha offentlege tenester og færre yngre i yrkesaktiv alder. Utviklinga er lik i heile Europa. Kompetanse blir difor ein avgjerande faktor for kvalitet i framtida. Det er ikkje lenger nok å lysa ut stillingar. Som distriktskommune må me vere proaktive i marknadsføring og me må i større grad utdanne eigne tilsette. Desentralisert sjukepleieutdanning i Ryfylke er eit god døme på det vi må få til innan fleire kompetansegrupper.

Suldal kommune har medarbeidarar som kvar dag viser stor innsats for å realisere kommunen sine mål og gi gode tenester til innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Årsmeldinga viser at det er høg aktivitet både for å sikre dagleg drift og prioritere utviklingsarbeid. Eg ønskjer å rette ei stor takk til alle leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod for det gode lagarbeidet i 2021. Like eins takk til dei folkevalde for godt samarbeid i 2021.

Suldal 20. april 2022

Karin Dokken Austvik
Kommunedirektør



UTVIKLINGSTREKK



Samfunnstal

Her vert det presentert statistikk som viser tendensar og trekk i Suldals-samfunnet.

Folketal


Det er no busett 3784 personar i Suldal kommune. Det er ein nedgang på 25 personar frå 2020. Endringane skuldast i all hovudsak netto utflytting.

Dersom ein ser på det store biletet, er kanskje den største utfordringa at det vert fødd færre born i Suldal. Dei siste 4 åra har tal fødselar vore på 36, 37, 30 og 32. Det er historisk lågt. Det har også vore låge fødselstal tidlegare, men ikkje over så mange år.


Netto flytting ligg i underkant av 0 (snitt siste 3 år). Det var høg innvandring inkludert mottak av mange flyktningar i perioden 2008-2015. I 2016-2018 var det låg innvandring og mange innvandrarak som flytta vidare til andre plasser i Norge.

Nedanfor følgjer ei oversikt over fødte og netto innflytting siste 20 åra.

Krigen i Ukraina gjer at me må vera budde på å ta i mot nye flyktningar i 2022.




Det er for første gong fleire eldre over 67 år enn yngre under 15 år i kommunen. Denne utviklinga vil halda fram dei neste åra grunna få fødselar og mange 50-60-åringar. Den økonomiske konsekvensen av dette er tilpassing av drifta frå og med 2023.



I år har ein også sett på utviklinga i grendene siste 20 år.


Tal 01.01 for 2002, 2006, 2010, 2015 og 2020-2022:

- Både Erfjord og Ropeidhalvøya ser ut til å stabilisera innbyggartalet. Innbyggartalet frå 2006 er som i dag.
- Jelsa og Nesflaten har jamn nedgang i folketal.
- Suldalsosen og Sand hadde auke i folketal på midten av 2010-talet som kan henga saman med den høge innvandringa i perioden. I takt med lågare innvandring har innbyggartalet gått ned att etter 2015.
- Vanvik har hatt ei jamn auke i folketal.
- Dersom ein går ned på grunnkretsniivå, har Kvilldal den største auken med ei på 30% siste 10 år, frå 72 personar til 95 personar.



Arbeidsløyse


Suldal kommune har hatt lågare arbeidsløyse enn landet og Rogaland dei siste 10 åra utanom ein periode i 2020 på grunna permitteringar knytt til korona. No er 1,2% av arbeidsstyrken registrert som heilt ledige. Talet for landet er på 2,3% syner tal i frå NAV.



Uføretrygda


I Suldal er 10,9% av befolkninga (18-67 år) uføretrygda mot 10,6% på landsbasis.

Dei siste åra har det blitt fleire uføre i aldersgruppa 55-61 år, no er 20% i aldersgruppa ufør mot 15% i 2015. Elles er det relativt stabile tal. Tal i frå SSB.



Utdanning

Omlag 32% av kvinner i Suldal har høgare utdanning. Tilsvarande tal for menn er på 18%. På landsbasis har 40% av kvinnene høgare utdanning og 30% av menn.



Klima


Noreg har som mål å redusera klimautsleppa med over 50% dei neste åra. Suldal har ikkje sett eigne klimamål, men støttar opp under dei nasjonale måla. I Suldal er utsleppa relativt stabile. Det gledelege er at der ein har sett inn tiltak går utsleppa ned både på landsbasis og i Suldal. Det gjeld avfall, oppvarming og vegtrafikk. Utsleppa går likevel opp i Suldal på andre område som annan mobil forbreining (store køyretøy som ikkje går på veg til dømes dumpar) og sjøfart. Auka kan vere relatert til Norsk Stein, som har hatt høgare aktivitet dei siste åra. Me trur at det høge tale på anna mobil forbreining i 2019 er feil.

Den største klimautfordringa både internasjonalt og lokalt er overgangen frå fossil energi (olje og gass) til fornybar energi (vatn, vind, sol og hydrogen). Det er også her ein har sett inn flest tiltak.

Jordbruket inkludert husdyrhald står for størst utslepp i Suldal (36%) hovudsakeleg frå dyr sin fordøyingsprosess. På landsbasis utgjer jordbruket 8,5% av dei totale utsleppa. Dei nasjonale krava om få ned klimautsleppa frå jordbruket er hovudsakeleg relatert til mindre matsvinn og at ein bør ete mindre kjøtt og meir grønt.

Suldal har mykje skog som tek opp meir CO₂ enn det kommunen slepp ut. Kommunen har aktiv og god skogforvaltning kor klima er eit viktig moment. Det har ikkje kome nye skog-tal i 2021.

Nedanfor følgjer ei oversikt over berekna CO₂-utslepp i kommunen over tid. Tal i frå Miljødirektoratet.



Nøkkeltal og måltal

I denne delen blir det presentert sentrale mål- og nøkkeltal for Suldal kommune. Dersom ikkje anna er opplyst, er det KOSTRA-tal frå SSB som bli presentert. Meir om økonomi kan ein lesa under «[økonomi](#)» og meir om sjukefråvær under avsnittet «[personal](#)» i kapittelet «[organisasjon](#)». Merknad: * = ingen tal, .. = færre enn 5 personar, tal ikkje oppgitt

Nøkkeltal

Større endringar frå 2020 til 2021

- Færre minoritetsspråklege barn i barnehage
- Færre barn i SFO
- Færre brukarar i helse og omsorg
- Færre sosialhjelpsmottakarar

Nøkkeltal	Landet	Suldal		
Barnehage	2021	2019	2020	2021
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,6	90,3	89,4	88,8
Andel minoritetsspråklege barn i forhold til alle barn	17,9	24,5	19,7	16,2
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet	5,7	4,9	4,8	4,8
Nøkkeltal	Landet	Suldal		
Skule	2021	2019	2020	2021
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	..	1,6	1,7	..
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	55,1	46,6	45,7	42,1
Nøkkeltal	Landet	Suldal		
Intro	2021	2019	2020	2021
Deltakere i vaksenopplæring		22	12	18
Deltakere grunnskuleopplæring		19	9	..
Nøkkeltal	Landet	Suldal		
Helse, pleie og omsorg	2021	2019	2020	2021
Årsverk i helse og omsorg per 10.000 innbyggjarar	319	468,2	483,3	481
Årsverk per mottakar (alle årsverk / alle tenester)	*	0,55	0,58	0,55
Mottakarar av heimetenester i % 80 år og eldre	28,7	32,5	35,7	30,7
Bur på sjukeheim i % 80 år og eldre	10,8	7,9	4,2	8,3
Avtalte legeårsverk pr 10 000 innbyggere	12	16,8	17,3	18,8
Avtalte fysioterapeutsårsverk pr 10 000 innbyggere	9,6	11,8	11,8	11,9
Årsverk i helsestasjon/skulehelseteneste pr. 10 000 innbyggere 0-20 år	50,4	43,8	53,2	57,4
Nøkkeltal	Landet	Suldal	Landet	Suldal
Sosialtenesta / NAV	2021	2019	2020	2021
Sosialhjelpsmottakere (antall)	*	112	102	85
Sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	*	20	12	12
Sosialhjelpsmottakere stønadslengde > 6 måneder	*	35	34	17
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)	*	80	83	63

Måltal

Kommentar til måltal

- Utfordring med å få nok barnehagetilsette med barnehagelærerutdanning
- Skuleelevane gjorde det godt på nasjonale prøver
- Færre barn på kulturskolen. Det er relatert til korona.
- For lang saksbehandlingstid på byggesaker i forhold til måltal.
- Scorar dårleg på vasskvalitet på grunn av for få målingar
- Mindre vasslekkasje i 2021.

Måltal	Landet		Suldal		MÅL
Barnehage	2021	2019	2020	2021	2024
% tilsette med barnehagelærerutdanning	42,7	38,3	40,5	37,8	50
% styrarar og pedagogiske leiarar med godkjent barnehagelærerutdanning.1)	95,7	85,7	92,6	86,4	90
Måltal	Landet		Suldal		MÅL
Skule	2021	2019	2020	2021	2024
Gjennomsnittlig grunnskulepoeng	43	43,6	43,6	43,3	41,5
% elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	7,9	7	6	5,6	5
% elevar meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver, lesing 8kl	72,5	77,5	67,4	81,5	75
% elevar meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver, rekning 8kl	68,7	75	91,1	79,2	75
Måltal	Landet		Suldal		MÅL
Pleie og omsorg	2021	2019	2020	2021	2024
Brukarretta årsverk i omsorg med helseutdanning	78,3	85,3	84,9	84,5	85
Brukarar med dagaktivitetstilbod i % 67-79 år	0,7	3,33	2,8	2,6	2
Måltal	Landet		Suldal		Mål
Kultur	2021	2019	2020	2021	2024
Barn på kulturskolen i % av alle barn	13,3			25,8	30
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antall)	3			5,5	5
Måltal	Landet		Suldal		Mål
Plan, byggesak og miljø	2021	2019	2020	2021	2024
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	42	32	48	45	17
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager) 2)	18	13	14	12	15
Måltal	Landet		Suldal		Mål
Vatn og avløp	2021	2019	2020	2021	2024
Innbyggjarar med god vasskvalitet – ecoli 3)		77	100	78	100
Andel av vatnet som går tapt på grunn av vasslekkasjar		38	34	14	35

1) det er tilsett pedagogar i alle stillingar, men i nokon av stillingane er det tilsett vikar utan pedagogisk utdanning, derfor når me ikkje målet.

2) ein har sett for høgt måltal på saksbehandlingstid med 12 veker frist.

3) vasskvaliteten i Suldal er god, men det blir tatt for få målingar. Det blir fulgt opp.



ØKONOMI

Drift

Suldal kommune hadde eit godt år i 2021 med eit netto driftsresultat på 19,2%. Det var budsjettert med eit netto driftsresultat på 4,4% og regulert budsjett på 11,4%.

Samla er driftsinntektene 5,6% høgare enn regulert budsjett. I kroner utgjør dette vel 37,4 mill kr.

Det vart i tertialrapporteringa og K-sak 111/21 Budsjettsaka vedteke å auka inntekter frå sal av konsesjonskraft med 35,0 mill kr. Sal av konsesjonskraft vart 18,5 mill kr. høgare enn budsjettregulert (syner til omtale nedanfor).

Skatt private vart 2,0 mill kr. høgare enn budsjettert. Det er ikkje føreteke noko budsjettregulering av skatt private gjennom året.

Naturressursskatten vart 0,6 mill høgare enn budsjettert. Det heller ikkje her føreteke noko budsjettregulering gjennom året.

Eigedomsskatten er på slutten av året budsjettregulert med 2,6 mill kr., meirinntektene som gjeld Statnett er budsjettregulerte mot avsetjing til tap på krav. Denne avsetjinga kjem av Statnettsaka som vart anka til høgsterett. Eigedomsskatten vart 3,1 mill kr. høgare enn budsjettertregulert.

For rammetilskotet er det gjennom året budsjettregulert for utgifter knytt til korona og til vaksinerings. Budsjettregulering for korona 4,8 mill kr. og for vaksinerings 1,2 mill kr. Rammetilskotet vart 8,0 mill kr. høgare enn regulert budsjett. Meir enn 6,0 mill av desse kom i slutten av året

(desember og januar 22) og skuldast delvis auka statlege korona-kompensasjonar og mindre inntekts-utjamning enn budsjettert. Under omtale av rammetilskotet finn ein omtale av kva ein har motteke frå staten som vedkjem pandemien.

Overføringar og tilskot frå andre er 5,4 mill kr. høgare enn regulert budsjett. Her kjem meirinntektene frå meir refusjon ressurskrevjande brukarar, meir refusjon legetenesta og meir refusjon frå kommunar for tenester innafor oppvekst. Gebyr og brukarbetaling er 0,6 mill kr. lågare enn regulert budsjett.

Samla er driftsutgiftene 2,4% lågare enn regulert budsjett. I kroner utgjør dette om lag 15,0 mill kr.

Det er nytta 15,7 mill kr. mindre til løn og oppgåvepliktige ytingar enn regulert budsjett.

Til kjøp av varer og tenester og overføringar er det nytta 0,7 mill kr. meir enn regulert budsjett.

For 2021 var det budsjettert med 175,7 mill i investeringar. Regulert budsjett for 2021 syner at det skulle investerast for 107,7 mill kr. Rekneskapen syner at det vert investert for 99,9 mill, 7,8 mill kr. mindre enn regulert budsjett. Samla etterslep på investeringar i 2021 er 72,3 mill kr. 4 av prosjekta som er del av etterslepet er prosjekt som var tenkt avslutta 31.12, men der slutfaktura kom i 2022. Samla utgjør desse 14,4 mill kr.

Det er teke opp nytt lån til investeringar i 2021 med 25,436 mill kr.

Linje		2010	2015	2018	2019	2020	2021
	DRIFT:						
1	Driftsinntekter	-442 405	-509 322	-573 921	-573 888	-579 317	-698 853
2	Driftsutgifter	394 899	494 725	538 303	545 251	572 376	598 740
3	Brutto driftsresultat	-47 506	-14 597	-35 618	-28 638	-6 941	-100 113
	FINANSINNTEKTER						
4	Renteinntekter og utbytte	-30 938	-16 427	-20 661	-21 597	-22 386	-12 577
5	Mottekne avdrag på lån 1)	-1 025	-5 709	-3 610	-3 445		
6	Gevinst finansielle omløpsmidlar						-8 872
7	Sum finansinntekter	-31 963	-22 136	-24 271	-25 042	-22 386	-21 449
	FINANSUTGIFTER						
8	Renteutgifter og lånekostnader	8 235	4 300	5 360	6 359	4 737	3 119
9	Avdrag på lån	9 594	15 002	21 398	21 402	22 427	22 704
10	Sosial og næringsutlån 1)	7 672	3 796	3 859	4 139		
11	Tap finansielle omløpsmidlar		5 443	6 229	1 802	7 091	972
12	Sum finansutgifter	25 501	28 541	36 846	33 702	34 255	26 795
13	Motpost avskrivningar	-26 345	-31 606	-38 464	-37 716	-37 822	-39 111
14	Netto driftsresultat	-80 313	-39 798	-61 507	-57 694	-32 844	-133 878
15	Netto driftsresultat i %	18,0	8,0	10,7	10,1	5,7	19,2

	INVESTERING:	2010	2015	2018	2019	2020	2021
16	Overført frå driftsrekneskapen	-5 201	-19 325	-16 558	-2 695	-23 341	-29 906
17	Bruk av lån	-21 584	-25 905	-52 455	-48 719	0	-52 446
18	Investeringar (prosjekt)	46 400	96 653	92 371	91 583	38 230	99 874


	LØN:	2010	2015	2018	2019	2020	2021
19	Budsjetterte årsverk	427,5	453,3	436,1	436,0	437,0	432,6

1) Frå og med 2020 er desse postane del av driftsinntektene og driftsutgiftene.

Skilnadane mellom regulert budsjett og rekneskapen (heile tusen)

Linje	MINDRE BRUK / MEIR INNTEKTER Som kjem av:		
1	Einingane	18 591	Sjå eige oppsett «Økonomirapportering einingane»
2		459	Mindre bruk knytt til konsesjonskraft, eigedomsskatt, netto sosiallån, betalingsformidling og renteutgifter
3	Utbytte / Eigaruttak	2 507	Meir utbytte Haugaland Kraft og meir utbytte plasseringar
4	Naturressursskatt	610	Må sjåast saman med rammetilskot
5	Skatt private	2 067	
6	Rammetilskot	8 019	Må sjåast saman med skatt
7	Eigedomsskatt	3 153	
8	Sal av konsesjonskraft	18 548	
9	Premiefond	1 802	
10	Avdragsutgifter	1 091	
11	Gevinst finansielle instrument	4 617	
12	Mindre overføring investering	4 289	Gjennomføring av investeringar mindre enn budsjettert.
	MEIR BRUK / MINDREINNTEKTER Som kjem av:		
13	Tap finansielle instrument	-972	
14	Avsetjing til fond	-62 321	K-sak 110/21, Fondssaka Ved eit samla overskot ved årsslutt vert desse å avsetja på disposisjonsfond.
15	Renteinntekter/betalingsformidling	-1 286	
16	Rentekompensasjon	-1 174	Mindre rentekompensasjon og mindre overført frå Havbruksfondet

Utviklinga i lønsutgifter (og sosiale utgifter) sin del av driftsutgiftene dvs. eks. kapitalutgifter



Ekstraordinært tilskot til Rogaland fylkeskommune for Sandsfjord bru i 2012 /2013 er trekt ut for å få samanliknbare tal. 2015 gav ekstrakostnad på pensjon. I 2021 utgjør lønsutgiftene 64,5%, ein reduksjon på 1,72% frå 2020.

Fordeling renter, utbytte og eigaruttak

Linje	(heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Renteinntekter	7 008	7 373	5 947	7 644	5 727	4 566
2	- bank	(4 324)	(4 649)	(3 082)	(3 914)	(2 712)	(2 292)
3	- plassering	(1 670)	(1 550)	(1 642)	(2 069)	(1 581)	(1 095)
4	- utlån	(1 014)	(1 174)	(1 223)	(1 661)	(1 434)	(1 179)
5	Morarenteinntekter	417	37	12	16	28	5
6	Gevinst/Kursgevinstar	6 073	4 870	4 604	4 665	6 905	8 872
7	Utbytte/Eigaruttak	4 771	5 055	10 082	8 785	7 706	8 007
8	-Suldal elverk / Haugaland Kraft	(4 000)	(4 000)	(9 000)	(7 714)	(6 789)	(6 674)
9	Sum	18 269	17 335	20 645	21 110	20 366	21 450

Gevinst finansielle omløpsmidlar 3,6 mill kr. høgare enn regulert budsjett. I tillegg er det 2,5 mill kr. meir i utbytte enn regulert budsjett. Det er 1,2 mill kr. mindre i samla renteinntekter enn regulert budsjett.

Renteutgifter, urealisert, realisert kurstap og tap

Linje	(heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Renteutgifter	4 718	5 167	5 358	6 359	4 732	3 119
2	Tap finansielle instrument	2 190	1 655	6 229	1 802	7 091	972
3	Sum	6 908	6 822	11 587	8 161	11 823	4 091

Renteutgiftene i 2021 er 0,3 mill kr. lågare enn regulert budsjett.

Fordeling skatt

Linje	(heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Skatt private	93 741	95 375	100 131	103 858	96 992	110 740
2	Naturressursskatt	47 283	50 386	53 162	53 054	51 025	50 610
3	Eigedomsskatt (br.)	118 683	107 909	103 891	113 483	136 793	143 553
4	Sum	259 707	253 670	257 184	270 395	284 810	304 903

Skatt private 2,0 mill kr høgare enn regulert budsjett. Samstundes er naturressursskatt 0,6 mill kr høgare enn regulert budsjett. Naturressursskatt og skatt private må sjåast i samanheng med rammetilskotet. Auken i eigedomsskatten dei to siste åra er i stor grad relatert til Englands kabelen.

Rammetilskot

Rammetilskotet er 8,0 mill kr. høgare enn regulert budsjett. Det meste av meirinntektene kom heilt på slutten av året (6,0 mill kr.) og skuldast auka statlege kompensasjonar knytt til pandemi og mindre inntektsutjamning enn budsjettert. Det er gjennomført budsjettregulering for auka utgifter knytt til pandemi med 4,8 mill kr. og for vaksinerings med 1,2 mill kr. Tabell under syner samla motteken auke i rammetilskotet som følgje av pandemien.

Type tilskot	Sum
Innbyggjartilskot	4 085
Kontrolltiltak smittevern	1 000
Ekstra skjønn smittevern og TISK	300
Vaksinerings og influensavaksine	1 329
Kommunale meirutgifter ved gjennomføring av stortingsval	46
Samla sum	6 760

Samla sett får ein 11,2 mill kr meir enn regulert budsjett i rammetilskot, skatt private og naturressursskatt.

Sal av konsesjonskraft

Linje	(heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Forvaltning	650	650	650	650	650	650
2	Overføring Ryfylkefondet	990	1 357	3 537	2 309	0	9 184
3	Sal av konsesjonskraft	-13 425	-17 409	3-3 344	-37 391	-4 623	-92 487
4	Netto inntekt	-11 785	-15 402	-29 157	-34 432	-3 973	-82 653
5	Mengde	125,5	129,4	135,6	136,6	136,6	136,6
6	Spotpris (NO2 frå 2021) kr	0,23	0,27	0,41	0,39	0,1	0,75
7	Avsetjing til bufferfond	2 425	1 648	13 393	3 367	0	22 650
8	Bruk av bufferfond					3 457	

*i 2020 var det ingen avtale med Ryfylkefondet. Frå 2021 syner ein spotprisen i vårt prisområde (NO2).

Det var for 2021 budsjettert med 21,0 mill kr i sal av konsesjonskraft. Budsjettet vart regulert opp i 2. tertialrapport med 20,0 mill kr. og i K-sak 111/21 pkt. 5 med ytterlegare 15,0 mill kr. I tillegg er det budsjettregulert for overføring til Ryfylkefondet med 7,9 mill kr. ut over budsjettert. Samla budsjett inkl. endringar 73,4 mill kr., salet vert 92,653 mill kr. Fondet er pr. 31.12.21 - 40,027 mill kr.

Suldal kommune sel konsesjonskrafta i spotmarknaden. Det gav eit dårleg resultat i 2020, men eit godt resultat i 2021. Vårt prisområde blir påverka av energisituasjonen i Europa. Ved høg gasspris går straumprisen opp. I 2021 var straumprisen ekstrem høg frå oktober og ut året grunna mangel på gass på kontinentet.

Konsesjonsavgiftene

Det var budsjettert med 31,489 mill kr. i bruk av konsesjonsavgifter og avkastning næringsfondet. Samla fekk ein 0,605 mill kr. mindre enn budsjettert ved årsslutt. I tillegg har ein nytta 2,092 mill som var avsett på fond til fleire reiselivsprosjekt, samt rasteplass i Kalhagen, Sentrumsprosjekt Sand og Skiltprosjekt. Samla regulert budsjett 32,976 mill kr. Av desse vert det berre nytta 23,088 mill kr. Grunna forseinkingar i investeringsprosjekt vert 7,300 mill kr. av dei budsjetterte midlane til investering ikkje nytta. Desse saman med 2,588 mill kr. unytta til andre prosjekt er avsette til bundne fond til bruk i 2022.

Driftsinntektene

Linje	i % av driftsinntekter	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Brutto driftsresultat, eks. avskrivning	10,7	9,4	12,9	11,6	7,7	19,9
2	Netto finansutgifter	2,1	2,0	1,6	2,3	1,9	2,5
3	Netto gjeldsavdrag	-3,2	-2,5	-3,8	-3,8	-3,9	-3,2
4	Netto driftsresultat	9,6	8,9	10,7	10,1	5,7	19,2
5	Sekundærmidlar	0	0	0,1	-0,1	0	0
6	Sum frigjort av årets inntekter	9,6	8,9	10,8	10,0	5,7	19,2
7	Årets brutto investeringar	14,6	19,3	16,1	16,0	6,6	14,1

For 2021 utgjer netto driftsresultat i % av driftsinntektene (eks. avskrivningar) 18,8%. Målsetjinga for Suldal var å liggja på minimum 4,5%

Plassering og låneopptak

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi 01.01	Marknadsverdi 31.12	Avkastn. i %	Bench- mark
Bergen Capital Management				
Bankinnskot aksjar	3 282 046	5 399 774		
Aksjar	14 165 099	16 152 546	23,53	21,14
Bankinnskot obligasjonar	2 753 742	3 839 227		
Obligasjonar	94 581 300	94 666 700	1,20	-1,61
Sum	114 782 187	118 560 164		
Sparebank 1 SR-Forvaltning				
Bankinnskot	163 038	440 318		
Aksjar	11 644 810	16 131 690	40,35	21,14
Sum	11 807 848	14 551 903		
Totalt	126 590 035	133 112 067	6,34	

Avkastning

Gjennomsnittleg avkastning på aksjar og obligasjonar for 2021 var på 6,34 %. Bankavtalen har i same periode gitt ei avkastning på 1,05 %. Gjennomsnittleg avkastning i aksjar er 30,32 %, medan ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 1,2 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag NOK 8 mill. Suldal kommune har budsjettert med NOK 4,255 mill i avkastning på verdipapir for heile året. I tillegg om lag NOK 1,656 i avkastning på renter. Referanseindeksen har ein avkastning på 21,14 % for aksjar, og -1,61 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 3,10 %.

Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 9,950 mill. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 13,670 mill.

Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 6,65 % plassert i bank, 71,96 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 21,39 % i risikoklasse 5 (aksjar). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.12	Rente gj.sn. pr 31.12. i %	Ant lån
Husbanken	1 595 400	1 026 732	0,94	2
KLP	91 116 350	85 137 298	1,37	4
Kommunalbanken	179 452 930	188 732 830	1,36	14
Totalt	272 164 680	274 896 860	1,36	20

Ingen lån har rentebinding. Det er tatt opp 1 nytt lån i perioden pålydande NOK 25,436 mill. Differansen mellom gjennomsnittleg innskot i bank og låneopptak er positiv med NOK 23,6 mill. Ein endring på 1% i rentenivå vil auka finansresultat med NOK 0,236 mill.

Investering

Regulert investeringsbudsjett for 2021 var på 107,7 mill kr. Det blei investert for 99,9 mill kr som er 7,8 mill kr. mindre enn regulert budsjett. Samla etterslep på investeringar i 2021 er 72,3 mill kr. 4 av prosjekta som er del av etterslepet er prosjekt som var tenkt avslutta 31.12, men der slutfaktura kom i 2022. Samla utgjer desse 14,4 mill kr.

Linje		2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Tal budsjetterte prosjekt	27	20	32	35	39	72

Etterslepet på prosjekt i 2021 som skal vidareførast i 2022 vert budsjettregulert i eiga sak i 2022

Dei største utbyggingsprosjekta i 2021:		Brukt i 2021 (mill)	Brukt t.o.m. 2021 (mill)
2	IT (ulike prosjekt)	2,2	
3	PC administrasjon og vaksen- opplæringa	1,9	
4	Solskjerming kommunehuset	1,1	1,1
5	Bustader/Dagtilbod/Base Jelsa	3,4	13,2
6	Ny Suldal sjukeheim	4,2	4,5
7	Sand sentrum Nord, Bekkjatorget m.v.	1,2	2,1
8	Kommunalt bustadfelt Suldalsosen	13,0	20,3
9	Sand småbåthamn	0,8	3,8
10	Kjøp av husvære/kjøp av tomt	1,0	1,0
11	Skjerahaug bustadfelt, Erfjord	5,8	9,8
12	Kjøp av heia område	4,1	4,1
13	Badeplass Habn	1,4	1,4
14	Erfjord kyrkjegard	2,9	3,7
15	Fornyng kulturhuset	4,3	4,6
16	Musikksmiå, carport/lager	1,3	1,4
17	Kloakkreinseanlegg Sand	0,4	19,8
18	VA- Mosvatnet	2,1	27,4
19	VA-Mosvatnet, hyttefelt Åsliane	1,0	3,0
20	VA-Mosvatnet, Rota	12,8	13,8
21	Nytt vassverk Sand	1,0	2,0
22	Ny brannstasjon Jelsa	15,3	18,6
23	Tømmestasjon for bubil	1,0	1,0
24	Vegkryss Kjølvikstølen	0,9	1,0
25	Stuvastøl bru	1,7	1,7

Utviklinga i opptak av lån til investeringar

For 2021 var det budsjettert med låneopptak på 33,277 mill kr. (utan startlån Husbanken). Det vart i K-sak 055/21 (1. tertialrapport) vedteke å redusera opptak av lån til investeringar i 2021 med 7,841 mill kr. til 25,436 mill kr.

Linje	År	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Lånesaldo 31.12	274 382	304 243	282 845	283 677	272 165	274 897
2	Avdrag, investeringslån	15 825	19 632	21 398	21 401	22 427	22 704
3	Renter, investeringslån	4 411	4 748	4 956	5 591	4 872	2 824

Lånefinansiering av årets investeringar

Anbefalt nøkkeltal (50-60%)

Linje	(heile tusen)	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1	Investering i anleggsmidlar	79 283	104 351	92 371	91 583	38 230	99 874
2	Lånefinansiert	9 838	42 346	52 455	48 564	0	52 446
3	% lånefinansiert	12,4	40,6	56,8	53,0	0	52,5

Avslutta investeringsprosjekt i 2021

Linje	Prosjekt som er avslutta pr. 31.12.2021	Budsjett	Rekneskap	Avvik (R-B) Negativ er mindre forbruk	Kommentar
1	1.000.01 Valavlukke/ Valutstyr	200.000	208.838	8.838	Prosjektet gjeld innkjøp av nye valavlukke med tilhørende utstyr til gjennomføring av val.
2	1.002.06 Trådløst nettverk	650.000	650.000	0,00	
3	1.015.01 Utskifting PC vaksenoppl.	465.000	383.652	- 81.348	
4	1.017.01 Solskjerming kommunehuset	1.000.000	1.081.708	81.708	Prosjektet med fjerning av gammel solskjerming og montering av ny solskjerming med tilhørende styringssystem er ferdig gjennomført. El-tilkopling med tilhørende styringssystem vart noko meir omfattande enn kva ein trudde på førehand.
5	3.012.01 Kjøp av legevaktbil	350.000	269.000	- 81.000	
6	3.017.03 Bustader/ Dagtilbod/ Base Jelsa	20.831.535 Netto (14.671.535)	19.330.805 Netto (13.170.805)	-1.500.730	Prosjektet gjeld bygging av 4 nye omsorgsbustader ved sida av gamle Jelsa aldersheim som no er blitt Jelsa hotell. Anneks med 6 husvære som sto på tomta vart reve i forkant av bygginga. Det er vidare opparbeidd gangsti frå fylkesvegen og ein leikeplass på sør-vest sida av dei nye bustadane. Tilskott frå husbanken på kr. 6.160.000 som er bokført som inntekt i byggerekneskapen.
7	3.021.01 Kjøp av bil Suldal bu- og aktivitet.	400.000	383.915	- 16.085	
8	4.011.01 Kjøp av næringsareal	44.358	12.831	- 31.527	Prosjektet er eit generelt prosjekt for kjøp av næringsareal. Framtidige kjøp av næringsareal bør skje som konkrete prosjekt.
9	4.015.13 Kjøp av del av gnr.30 bnr. 7, Suldalsosen	480.000	490.666	10.666	Prosjektet gjeld kjøp av eit areal på nordsida av Osen sentrum av Kolbein Bakka. Arealet er tenkt til framtidig bustadferemål og næringsareal. Meirforbruket skuldast at kostnadane knytt til eigedomsoverdraginga vart noko høgare enn estimert.
10	4.020.01 Miljøtiltak	314.270	314.270	0,00	Prosjektet gjeld montering av solcelleanlegg på taket på Randåsen barnehage. Prosjektet er finansiert av prosjekt 4.090.01, Miljøtiltak.
11	4.020.05 El-syklar	9.030	9.030	0,00	Prosjektet har mottatt kr. 85.000,- frå Miljødirektoratet som er bokført på prosjektet.
12	4.024.01 Opparbeiding av næringsareal	0,00	0,00	0,00	Prosjektet er tenkt som eit felles budsjett for opparbeiding av næringsareal med budsjettregulering opp mot konkrete næringsareal. Opparbeiding av framtidige næringsareal bør budsjetterast direkte på det konkrete prosjektet. Budsjett tilhørende dette prosjektet er tidlegare regulert bort.

Linje	Prosjekt som er avslutta pr. 31.12.2021	Budsjett	Rekneskap	Avvik (R-B) Negativ er mindre forbruk	Kommentar
13	4.044.01 Sand Småbåthamn	3.704.310	3.791.181	86.871	Prosjektet vart starta opp i 2013 med oppankring av nye bølgebrytarar i båthamna. I 2021 vart den gamle trepiren fjerna og erstatta med nye flytebrygger. Oppgradering av elektriske anlegg m.v. er og gjennomført. Sand Båttforening har bidratt med kr. 900.000 til realisering av prosjektet. Meirforbruket over vedtatt budsjetttramme skuldast meir omfattande oppgradering av bryggjeanlegg og meir omfattande oppgradering av el-anlegga.
14	4.056.01 Kjøp av heiaområde gnr. 4 bnr. 1	4.000.000	4.134.735	134.735	Prosjektet gjeld kjøp av heiaområde med tilhøyrande kostnader av gnr. 4 bnr. 1 av Sverre Herabakka. Prosjektet har eit meirforbruk på kr. 134.735 over vedtatt budsjetttramme. Meirforbruket over vedtatt budsjetttramme, skuldast at det ikkje var løyvd pengar til omkostningar knytt til eigedomsoverdraginga.
15	5.010.04 Suldal Bad. utsmykking	150.000	150.000	0,00	
16	5.011.01 Badeplass, friorråde Einersneset	1.406.145	1.349.854	- 56.291	Det er etablert ein liten leike- og aktivitetspark i nærleiken til badestranda. Det er vidare gjennomført ulike oppryddingstiltak i området. Badestranda er tilført ny sand.
17	5.011.02 Badeplass Habn	1.350.000	1.449.162	99.162	Prosjektet gjeld etablering av nytt toalettbygg i nærleik av badeplassen i Habn. I tillegg til sjølve toalettbygget, er det bygd ut nødvendige tekniske anlegg som el-anlegg, vatn- og avløpsanlegg. Prosjektet har og utløyst tilknytingsavgifter for vatn og avløpsanlegg. Meirforbruket skuldast i hovudsak tilrettelegging for tilkomst med rullestol til badeplassen og at det ikkje var tatt høgde for tilknytingsavgifter for vatn og kloakk i budsjettet.
18	5.012.01 Erfjord kyrkjegard, grunnkjøp for utviding	4.856.175	3.682.572	- 1.173.603	Prosjektet gjeld kjøpt areal til utviding av Erfjord kyrkjegard. I dette byggetrinnet er opparbeiding av parkeringsareal, opparbeiding av ny gangtilkomst til kyrkja, samt opparbeiding av tilhøyrande grøntanlegg gjennomført. Grunnen til låg pengebruk i prosjektet, er at prosjektet er redusert i forhold til kva som låg inne i budsjettet og at entreprisekostnaden vart lågare enn kalkulert.
19	6.018.03 Varebil teknisk drift	1.000.000	879.875,	- 120.125	Prosjektet med kjøp av 2 nye varebilar er ferdig gjennomført.
20	6.041.01 Kloakkrense- anlegg Sand	20.406.022	19.744.264	- 661.758	Prosjektet har vore omfatta av bygging av ny kloakkpumpestasjon med toalettfasilitetar på Hydrokaia, legging av pumpeleidning for kloakk i sjø frå Einersneset til Eide på Sand, og bygging av nytt kloakkreinseanlegg på Eide.

Linje	Prosjekt som er avslutta pr. 31.12.2021	Budsjett	Rekneskap	Avvik (R-B) Negativ er mindre forbruk	Kommentar
21	6.045.01 VA-anlegg Mosvatnet. Distribusjon av vatn	0,00	1.050.501	1.050.501	Byggeprosjektet vart rekneskapsmessig avslutta pr. 31.12.18 med unytta midlar på kr. 1.146.000. Prosjektet var på det tidspunktet ferdig gjennomført. Det viser seg at endeleg sluttoppgjær med entreprenøren ikkje var gjennomført. Dette vart ikkje kommunisert internt frå prosjektansvarleg i forkant av rekneskapsavslutninga. Entreprenøren grunngjev det svært forseinka sluttoppgjæret med at den som hadde ansvaret for den praktiske gjennomføringa av prosjektet gjekk over til ny arbeidsgjevar rett etter at anleggsarbeida var gjennomført. Vidare vart prosjektet sletta i ein database ved oppdatering av programvare. Dette førte til at prosjektet med tilhøyrande avdragsnotaer m.v. måtte leggest inn på nytt og kontrollerast opp mot papirversjonar som entreprenøren hadde kopiar av. Summen av alle desse faktorane har ført til at endeleg sluttoppgjær har drege ut i tid.
22	6.045.03 VA-anlegg Mosvatnet. Avløpsnett	0,00	1.050.501	1.050.501	Byggeprosjektet vart rekneskapsmessig avslutta pr. 31.12.16. med overforbruk på Kr. 12 350, sjå elles omtale over.
23	7.039.02 Offentleg toalett Hålandsosen	1.320.048	1.317.563	- 2.485	Prosjektet gjeld offentlig toalettbygg i Hålandsosen. I tillegg er det og etablert ein tømestasjon for bubil på same området.
	7.067.01 Flaumsikring	300.000	221.213	-78.787	Prosjektet gjeld innkjøp av utstyr til bortleding av vatn som flaumsikringstiltak.



Økonomirapportering einingane

Einingar (heile tusen)		Oppr. budsj.	Reg. budsj.	Rekneskap	Avvik Reg. bud. rekneskap	Avvik Reg. bud. rekneskap
Linje		Kroner	Kroner	Kroner	Kroner	%
1	Form.sk/K-styre	5 559	5 595	5 147	448	8,0
2	Levekår	447	447	293	155	34,7
3	LMT	557	557	307	250	44,9
4	Kommunedirektør Herav avs. Lønsauke	84 724	74 331 (2 922)	63 400	10 931	14,7
5	OPPVEKST	107 999	117 211	116 166	1 043	0,9
6	Overordna oppvekst	11 840	7 180	7 136	43	0,6
7	PPT	2 984	3 565	3 163	402	11,3
8	Stølane barnehage	3 907	5 257	5 251	6	0,1
9	Kjølvikstølen barnehage	2 441	3 712	3 704	8	0,2
10	Vinjar barnehage	7 973	10 244	10 220	23	0,2
11	Sand barnehage	11 675	13 147	12 804	343	2,6
12	Erfjord skule	7 093	8 758	8 751	7	0,1
13	Marvik skule	3 378	3 819	3 814	5	0,1
14	Sand skule	28 025	30 325	30 304	21	0,1
15	Vinjar skule	12 012	13 203	13 206	-3	0
16	Jelsa oppvekstsenter	5 846	6 149	6 132	17	0,3
17	Nesflaten oppvekstsenter	5 710	6 266	6 251	15	0,2
18	Vanvik oppvekstsenter	3 207	3 537	3 513	24	0,7
19	Gullingen leirskule	940	730	645	84	11,5
20	Introsenteret i Suldal	968	1 319	1 272	47	3,6
21	HELSE OG OMSORG	149 533	172 113	167 628	4 485	2,6
22	Overordna helse/oms.	4 239	3 174	3 160	14	0,4
23	NAV	6 866	7 176	6 815	361	5,0
24	Sjukeheimen	39 926	46 019	47 130	-1 111	-2,4
25	Helse	21 573	29 053	28 183	870	3,0
26	Suldal heimeteneste	27 924	34 329	34 402	-73	-0,2
27	Vinjar bu- og omsorgstenester	16 231	15 370	15 873	-503	-3,3
28	Suldal bu- og aktivitetstiltak	21 682	25 890	23 069	2 821	10,9
29	Barnevern	11 092	11 102	8 996	2 106	19,0
30	ANDRE	97 650	109 018	107 739	1 279	1,2
31	BY/Kultur/Teknisk felles	2 225	2 609	2 279	330	12,7
32	Bygdeutvikling	8 478	9 131	8 222	909	10,0
33	Kultur	19 129	22 365	22 352	14	0,1
34	Teknisk drift	67 818	74 913	74 886	27	0
35	SAMLA SUM	446 469	479 272	460 681	18 591	4,0

Det er samla sett nytta 3,8 mill meir til straum enn budsjettet. Einingane har klart å dekkja dette innføre sine rammer, med unntak av Vinjar bu- og omsorgssenter med 0,3 mill kr. og Suldal sjukeheim med 0,3 mill kr.

Etter punkt 23 «overskotsavsetjing» i fondsavsetjingssaka er det gjort slike avsetjingar etter søknad.

Linje	Eining	Kr	I	K	V	Linje	Eining	Kr	I	K	V
1	Kommune- direktøren	1 670 000	x	x	x	10	PPT	150 000		x	
2	Barnevern	250 000		x		11	Kjølvikstølen barnehage	110 000	x	x	
3	Helse og velferd	250 000	x	x		12	Sand barnehage	530 000	x	x	x
4	NAV	280 000	x	x	x	13	Vinjar barnehage	380 000	x	x	
5	Helse	440 000	x	x		14	Sand skule	440 000	x	x	x
6	Oppvekst	500 000	x			15	Kultur- og samfunnsutvikling	100 000	x	x	x
7	Jelsa oppvekstsenter	40 000	x			16	Bygdeutvikling	240 000	x	x	
8	Vinjar skule	430 000	x	x	x	17					
9		3 860 000				18		1 950 000			

I = Inventar og utstyr

K = Kompetanseheving

V = Vedlikehald

Utan denne avsetjinga samla kr. 5 810 000,- ville overskotet til einingane vore kr. 21 939 000,-.

Pensjon

Reguleringspremie pensjon KLP vert i år mykje høgare enn forventa / budsjettert. KLP skriv i sitt «Rundskriv» i forbindelse med budsjett 2022 «I 2021 har usikkerheten rundt lønns- og trygdeoppgjøret vært spesielt stor og uforutsigbar, blant annet på grunn av den ustabile økonomiske situasjonen som fulgte av koronapandemien. Våren 2021 ble det i tillegg besluttet å endre prinsippene for regulering av pensjoner under utbetaling. Dette medførte at reguleringspremien for i år først kunne fastsettes i juni, og ble vesentlig høyere enn anslagene vi ga høsten 2020» I budsjettet for 2021 var det lagt opp til å ta ut 7,5 mill kr. frå premiefond, då endringane i pensjonsordninga gjer at det ikkje lenger er behov for så store «reservar». Auken i reguleringspremie ut over det budsjetterte er også teken ut av premiefondet. Våren 2021 vert premiefondet tilført 32,5 mill kr. Pr.2. tertialrapport var saldo på premiefondet 61,8 mill kr. Bruken av midlane vil bli fordelt jamt over fleire år.

Linje	Tilførte midlar til einingane grunna Korona og vaksinerings (netto sum, spara utgifter og meir refusjon er trekt frå)	2021 Budsjettregulert	Kommentar
1	Helse	4 607 000	
2	Pleie og omsorg	371 000	
3	Oppvekst	700 000	Inkl. ekstra skuleskyss
4	Teknisk drift / reinhald	185 000	
5	Andre einingar og administrasjon inkl. IT	88 000	
6	SAMLA	5 951 000	

Auken i utgifter er finansiert med auke i rammetilskotet. Det er motteke 6,760 mill kr. til å dekkja utgifter til Korona og vaksinerings i 2021.

Linje	Bruk av bustadtilskot og avsetjing til fond	2021 Budsjett Kroner	2021 Rekneskap Kroner	Kommentar
1	Bustadtilskot	400 000	193 398	Det er fire nyttilsette som har fått bustadtilskot i 2021. Tre starta i 2020 og ein er starta i 2021. Tre jobbar innan Helse og omsorg og ein innafor oppvekst.
2	Avsett på fond 2021		206 602	Midlane vil bli nytta i 2022 til eksisterande avtalar.
3	Samla avsett på fond		534 491	Pr. 31.12.2021

I handlingsprogrammet for 2020 vert det vedteke å "Tilby målgrupper bu tilskot i eitt år. Tiltaket var for eitt år, men ved handsaminga av budsjett for 2021 vert tiltaket vidareført i ytterlegare to år. Det tok noko tid å koma i gong med tiltaket, bl.a. skulle det utarbeidast retningslinjer og avtaleutkast .

Linje	BRUKARBETALING BARNEHAGE OG SFO	2018	2019	2020	2021
1	Gratis kjernetid	5	14	9	7
2	Tal friplassar *)	8	5	21	24
3	30% prisreduksjon 2. barn, tal	79	74	68	64
4	50% prisreduksjon frå og med 3. barn, tal	14	13	Slutt	Slutt
5	100% prisreduksjon frå og med 3. barn, tal (ny frå 01.01.2020)			8	6
6	Inntektsmoderasjon		19	9	9
	Samla utgjer prisreduksjon, gratis kjernetid, inntektsmoderasjon og friplassar:				
7	- Kroner pr. mnd	92 164	107 460	110 026	161 643
8	- Kroner pr. år	921 640	1 074 600	1 100 260	1 578 581

*For SFO ny frå 01.08.2020

Fleire av einingane har over tid hatt mindre brukarbetaling, salsinntekter og gebyr enn budsjettert. For barnehage og SFO ser ein at i tillegg til endring i tal born og tal dagar/timar som borna går i barnehage og SFO så påverkar også gratis kjernetid, friplassar, inntektsmoderasjon og søskenmoderasjon brukarbetalinga. Ordninga med 100% prisreduksjon frå og med 3. barn er eit nytt tiltak frå og med 2020 og var budsjettert kr. 100 000,- til tiltaket. I 2. tertial vert tiltaket tilført ytterlegare kr. 100 000,-, gjeldande berre for 2020. Frå og med 2021 er gratis kjernetid, friplassar, inntektsmoderasjon og søskenmoderasjon bli ført som tilskot og ikkje som reduksjon på brukarbetalinga.

Linje	GEBYRINNTEKTER, DIV. SAL OG REFUSJONAR OVER TID	2018 Rekneskap Kroner	2019 Rekneskap Kroner	2020 Rekneskap Kroner	2021 Rekneskap Kroner
1	Byggje, delings- og seksjonering	1 376 730	1 097 765	1 400 290	1 883 560
2	Kart og oppmåling	928 613	878 736	927 181	1 241 454

Gebyrinntekter oppmåling og byggjesak variera mykje, for 2021 aukar inntektene monaleg. Samanlikna med året før er inntektene kr. 797 543,- høgare.

LEIGE KAI-PLASSER	2018	2019	2020	2021
Utgifter *	111 465	102 804	104 860	83 246
Avsetjing til fond	346 095	492 951	500 682	384 001
Inntekter	-457 560	-595 755	-605 542	-467 247
Bruk av fond	0	0	0	0
Saldo på fond	500 742	993 693	1 494 375	1 878 376

* Det er budsjettert med bruk av kaileigeinntekter til å finansiera utgifter med om lag kr. 100 000,-. Kaileigeinntekter ut over detter er vert nytta til vedlikehald av kaiar eller avsett på fond til bruk til same føremålet seinare år.

BOMVEG	Rekneskap 2019 Kroner	Rekneskap 2020 Kroner	Rekneskap 2021 Kroner
Utgifter	134 560	846 087	70 039
Avsetjing til fond	118 645	370 758	230 151
Kommunal løyving *		-800 000	0
Inntekter	-253 205	-298 200	-300 190
Bruk av fond	0	-118 945	0
Saldo på fond	118 645	370 758	600 909

*For 2020 vert det løyvd 800 000,- til asfalteringsarbeid. Arbeidet med asfaltering av Blåsjøvegen er vêravhengig, og heile arbeidet vert ikkje gjennomført i 2020. Resten av løyvinga vert difor sett av på fond saman med meirinntekter og skal nyttast til vidare arbeid i 2021.

Namn på prosjektet	Kort omtale av prosjektet	Kven deltek Einingar, Staten Fylkeskommune Andre	Tidsrom for prosjektet	Prosjekt-midlar Kommunale Eksterne
ØKONOMI OG ORGANISASJON				
Sjukefråværs-prosjekt	Suldal har litt arbeid igjen å gjera med eit føredrag/ filmprosjekt som skal ut i einingane	KLP For heile Suldal	2018-2021	0,2 mill kr. frå KLP
Stortingsval	Val, inkludert førehandsstemming og valting	Valdirektoratet, valstyret, røystestyre, IT	Juni - Sept	Kommunale midlar
Digital kompetanse	Tilby digital opplæring til innbyggjarar utan tilstrekkeleg kompetanse til å klare ein digital kvardag	Kultur, Introtenesta, Organisasjon og innbyggarkontakt, Heimetenesta, Kommunekassen	dd – Nov 21	0,1 mill i fondsmidlar 0,1 mill i driftsmidlar 0,1 mill i tilskot
OPPVEKST				
IBS (inkluderande barnehage- og skulemiljø)	Fokus på eit trygt og godt miljø for alle barna. Tilsette får felles forståing for omgrepet mobbing og krenking. Felles kompetanseheving og fokus på tiltak.	Vinjar skule, Erfjord skule, Sand skule og Stølane barnehage Statsforvaltar Udir	2020-2022	0,52 mill kr. inkl. midlar frå staten.
Oppsetting av grindbygg på skuleområdet	Er med i kommunen sitt Handlingsprogram	Sand sanitetsforeining Folkehelsemidlar	I løpet av 2021	Kr. 15. 000,- Kr. 20 000,-
Trafikalt grunnkurs for 9. trinn	2 lærarar er i gong med vidareutdanning for å kunna tilby dette som valfag for 9. trinn (trafiksikker kommune)	Oppvekst sentralt	Vår 2021	Kr. 50 000,-
Læringsmiljø	Skule-Kartleggingar viser at skulen treng å arbeida med motivasjon, lærelyst og medverknad.	Marvik, Vanvik og Nesflaten Samarbeid med HVL	Aug 2021- juni 2023	Kr. 300 000,-
Leik	Barnehage-Mål: «Me vil skapa gode leikemiljø for barna, med vaksne som bidreg og inspirerer til ulike typar leik både inne og ute, der barna er verdfulle deltakarar i leiken».	Samarbeid med HVL	Aug 2020- juni 2022	Kr. 250 000,-
Tiltak retta mot sårbare unge	Koronatiltak. Målet er å redusera elevane sin evnt tapte progresjon og hindre fråfall etter pandemien.	Kommunen	2021	Kr. 200 000,- Statleg tilskot
Læremidlar	Ny læreplan i grunnskulen (LK20)	Kommunen	2021	Kr. 250 000,- Statleg tilskot
Sommarskule	Etter koronaperioden har kommunen søkt og fått midlar til å gi eit gratis tilbod til sommarskule.	Staten	2021	Kr. 480 000,- Statleg tilskot
Kompetanse for kvalitet	Vidareutdanning for lærarar i grunnskulen.	Staten		Statlege tilskot etter tal deltakarar
Kompetanse-løftet	Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Andre kommunar HVL	2021	Kr. 1 100 000,- Statleg tilskot
Rekrutteringstiltak Utd. barnehage-lærer	Fem fagarbeidarar tar arbeidsbasert barnehagelærarutdanning etter ny pedagognorm i BH	Kommunen og HVL	2019-2022	Kommunale midlar
Innføringstilbod	Pilotprosjekt der Introsenteret tilbyr intensiv norskopplæring og tospråkleg fagopplæring for mindreårige elevar.	Sand skule og PPT	Jan-jun 2021	Ikkje avgjort
LOS prosjektet	Støtte og oppfølging - og losfunksjon for ungdom Eigenfinansiering tilsvarande tilskotet		Sept 2021- 2023	2021 390 000,- 2022 380 000,- 2023 380 000,-

Namn på prosjektet	Kort omtale av prosjektet	Kven deltek Einingar, Staten Fylkeskommune Andre	Tidsrom for prosjektet	Prosjekt-midlar Kommunale Eksterne
HELSE OG VELFERD				
Partnerskap Folkehelse	Hensikta med partnerskapet er å samordna folkehelsearbeidet i Rogaland og bidra til å nå hovudmåla om å fremja god helse og utjamna sosiale helseforskjellar	Suldal kommune Rogaland fylkeskommune		Kr. 104 000,- Kr. 104 000,-
Velferds-teknologi prosjekt Haugaland Vest	1 stilling fordelt på 10 kommunar.	Prosjektet gjekk over til drift frå 1. juli 2021		
Ungdoms-prosjektet	Sikre at alle brukarar under 30 år får tett oppfølging med fokus på arbeid og aktivitet.	NAV Rogaland via tiltaksmidlar	2020 -2022	Kommunale midlar 200 000 per år
Oppfølgings-team	Pilotprosjekt for implementering av Oppfølgingsteam for personar med store og samansette behov.	I regi av Helsedirektoratet	2018-2021 og forlenga 2021-2023	Kr 980.000 eksterne midlar. Kr 50.000 egne midlar.
ALIS Vest	Støtte til allmennlege i spesialisering.	Administrert av Bergen kommune, Økonomisk støtte frå Statsforvaltar.	2020-2025	Kr 200.000 eksterne midlar. Kr 50.000 egne midlar.
Styrking av helse- og skulehelse-tenesta	Auke i bemanning for å kunne sikra tilgang og betra kvaliteten på tenestene	Helsedirektoratet	2021	371.185 Eksterne midlar
Aktivitetssenter for seniorar	Oppretta eit innhaldsrikt og meningsfylt aktivitetstilbod for seniorar som motverkar einsemd og passivitet	Helsedirektoratet	2020 men godkjent overført til 2021 og 2022 grunna pandemien	350.000 Eksterne midlar
Kommunalt rusarbeid	Styrking av førebyggjande arbeid for barn og unge. Målet er å hjelpa sårbare barn og unge så tidleg at ein førebyggjer framtidige rusutfordringar	Statsforvaltaren i Rogaland	2021-2024	År 1: 660.000 År 2: 550.000 År 3: 440.000 År 4: 330.000 Eksterne midlar
Opplæringstilskot Brukarstyrt personleg assistanse(BPA-ordninga)	Tilskotsmidlar som skal nyttast til opplæring og kompetanseheving for brukarar, tilsette og assistentar knytt til BPA-ordninga	Statsforvaltaren i Rogaland	2021	75.000
Det handlar om meg – del 2	Utvikle ei brukarundersøking med visuell og auditiv støtte	Sauda kommune Vindafjord kommune Tysvær kommune ISpe/Helse Fonna	2021	Søknadssum Kr. 520 000. Eigen-finansiering delt på 4 kommunar kr 355 000 (stillingsressurs., kjøp av nettbrett og multimedia utstyr). Sendt søknad for vidare prosjekt.
KULTUR- OG SAMFUNNSUTVIKLING				
Ryfylke vassområde	Forvaltning av vassressursane i Ryfylke	Ryfylke-kommunane Fylkeskommunen	Ikkje tids-avgrensa	Kommunane og Fylkeskommunen
Villrein-nemnda	Sekretariat for villreinnemnda	Statsforvaltarane	Ikkje tids-avgrensa	Statsforvaltaren i Agder
Nynorske lesegleadarar	Eit fellesprosjekt i Ryfylkebiblioteket. Tilsette i Ryfylkebiblioteket reiser rundt i dei fire kommunane for å presentera bøker for mellomtrinnet	Fylkesbiblioteket	2021	Kr. 20 000 frå Rogaland fylkesbibliotek Gjennomført.
Aktiv formidling: Videoboktips	10 videoboktips laga hos Ryfylke-biblioteket Suldal og	Nasjonalbiblioteket: Felles søknad frå	2021	Kr. 150 00 frå Nasjonalbiblioteket

Namn på prosjektet	Kort omtale av prosjektet	Kven deltek Einingar, Staten Fylkeskommune Andre	Tidsrom for prosjektet	Prosjekt-midlar Kommunale Eksterne
	spreidd gjennom FB, Instagram ol	10 kommunar i Rogaland gjennom Fylkesbiblioteket		Held fram med nye midlar i 2022
Kulturhaust i Ryfylke	Årleg felles kulturprogram for fire Ryfylke-kommunar	Strand, Hjelmeland, Sauda og Suldal	Juni – desember	Kr 100 000 frå Ryfylkefondet (Fylkeskommunen støttar 2. kvart år) Gjennomført med underskot, som er dekkja av tidlegare års overskot.
Filmundring	Kinoprojekt med filmvising og panelsamtale etter framsyninga	Samarbeid med lag, foreiningar og andre avdelingar og institusjonar	2020 og 2021 og 2022	Kr 150 000 Norsk Filminstitutt Midlar att til 2022 pga restriksjonar i 2020 og 2021.
Dagsturhytte 1	Nærmiljøtiltak (Spelemiddelprosjekt) Hytta skal plasserast på Bjødlenuten på Suldalsosen. Hytta blir oppført i april/mai.	Suldal kommune Fylkeskommunen	2021-22	Finansiering gjennom spleiselag med spelemidlar, sparebankstiftinga og kommunen.
Kommuneplan	Revisjon av arealdel og samfunnsdel	Suldal kommune	2020-2022	Revisjonen har halde på ei stund med vedtak i høve planprogram og planstrategi. Medverknadsdelen er gjennomført, skrivearbeidet pågår. Planutkast til kommunestyret i juni 22.



Anna økonomirapportering

Innkjøp

Alle kjøp over 1,5 millioner kr i 2021. Me har heldt offentlig verksemd, bank, pensjon og forsikring utanom. Cirka 50% av kjøpa våre er i frå lokale leverandørar.

Gruppe	Beløp	Antall	Kommentar
NORDBØ MASKIN AS	15 798 237	64	VA-anlegg Rota, Mosvatnet
HAUGALAND KRAFT AS	14 999 211	2960	Straum
BIRKELAND AS	12 422 846	42	Bustadfelt Suldalsosen
BG SULDAL AS	11 263 093	40	Skjerahaug bustadfelt
VIGOR BYGG AS	10 647 158	20	Jelsa brannstasjon
OMEGA AREAL AS	7 700 933	204	Prosjektering
KV BYGG SULDAL AS	7 346 775	42	Bustad Jelsa
HAUGALAND KRAFT FIBER AS	4 152 158	211	Utbygging fiber
TRYSIL BYGGPRODUKTER AS	3 967 300	4	Nytt amfi kulturhuset
HELGEVOLD ELEKTRO AS	3 850 376	104	Elektrikar
KLUNGTVEIT SVEIN AS	3 770 209	145	Slam, røyrleggar mm
RYFYLKE ELEKTRO AS	3 092 411	259	Elektrikar
SULDAL VEKST AS	3 056 084	11	Næring
RYFYLKE RØR A/A	2 955 883	82	Røyrleggar
NATLAND GRAVESERVICE AS	2 700 184	3	Entreprenør
INFRAKON AS	2 673 875	5	Stuvasstølen bru
NCC INDUSTRY AS	2 483 390	8	Entreprenør
TRÆGÅRDEN MASKINSTASJON AS	2 405 578	48	Brøyting med meir
KOLUMBUS AS	2 109 636	21	Buss
KJOSAVIK EMBALLASJE VEST	1 977 774	583	Kontorrekvisita
CENTRIC CARE AS	1 648 192	26	Vikarbyrå
LEASEPLAN NORGE AS	1 625 532	403	Bil
OPTIMERA AS	1 614 541	469	Materiell bygg
FAGNE AS	1 552 901	26	Straum
SAUDA RØRHANDEL AS	1 512 868	6	Jelsa brannstasjon

Næringsfond

Ulla Førre næringsfond

Linje	Fondskapital 31.12 (heile tusen)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
1		25 203	26 680	27 362	27 877	28 021	28 898	25 940

Linje	Innvilga (heile tusen)	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
1	Lån	6 300	3 100	4 175	2 700	2 600	3 100	5 500	27 475
2	Tilskot	975	675	3 025	1 120	440	955	346	7 536
	Sum lån og tilskot	7 275	3 775	7 200	3 820	3 040	4 055	5 846	35 011
	Tal søknader							19	
3	Innvilga lån	3	4	7	2	4	5	2	
4	Innvilga tilskot	6	4	11	12	9	13		
5	Innvilga oppstarttilskot							7	
6	Innvilga kompetansemidlar							3	

Ulla Førre Fondsstyret har hatt 4 møte i 2021.

Ulla Førre næringsfond har faste søknadsfristar, 1. januar, 1. mai og 1. september. Det vert lagt til grunn innarbeida retningsliner for sakshandsaming og vurdering fram mot handsaming og vedtak i fondsstyret.

Handsama saker er i tråd med vedtekter og innarbeidd praksis samt innhaldet i næringskapitelet i kommuneplanen. Det er flest søknader om støttebeløp til oppstart av mindre næringsetableringar. Også dette året har skiljet mellom utvikling og drift hatt fokus ved handsaming av sakene. Det er gitt fleire avslag på støttesøknader då desse ikkje var i tråd med vedtektene og retningslinene som fondsstyret har vedteke. Nytt i fjor var at det vart innført ordning med støtte til kompetanseutvikling i bedriftene. Det er innvilga 5 slike søknader.

Lån frå næringsfondet vil over tid bli tilbakebetalt og nytta til nye utlån eller bli tilført fondskapitalen, medan tilskot vil redusera fondskapitalen. For 2021 er det innvilga 2 lån på til saman 5,5 mill kroner.

Suldal kommunale næringsfond

Linje	Tal i tusen	2019	2020	2021
1	Tilskot (kr)	418,5	545	328
2	Tilskot (tal)	11	5	10



Fondet får årleg kr 305.000,- frå Norsk Hydro som kan nyttast til tilskot. I tillegg kan dei nytte renter på innskot kapital. Sjølve fondskapitalen er bunden.



ORGANISASJON



Politisk verksemd



Pandemi

Året 2021 blei også prega av pandemien. Kommunen var gjennom heile året i beredskap, hadde faste møter med Statsforvaltar i Rogaland, FHI og Helsedirektoratet. Ute blant innbyggjarane var det vaksinerings gjennom heile året, med både dose 1,2 og 3. Nokre har også fått dose 4. Suldal har vore skåna frå dei høge smittetala i 2021 og har stort sett klart å drifta normalt.

Organisasjonsendring

Våren 2021 blei det gjennomført ei organisasjonsendring. Vinjar bu- og omsorgssenter vart del av Suldal Heimeteneste. Samstundes har ein i tråd med punkt i handlingsprogrammet etablert barne- og familieteam som også er del av Suldal Heimeteneste.

Det største grepet tok kommunedirektøren på tenestene lokalisert til kommunehuset. For å styrke det strategiske arbeidet blei administrasjonen organisert i fire tenestoområder:

1. Økonomi og organisasjon
2. Oppvekst
3. Helse og Velferd
4. Kultur- og samfunnsutvikling.

Det blei oppretta to nye einingar; Organisasjon og innbyggarkontakt og Kommunekassen. Tidlegare personalavdelinga vart del av eining Organisasjon og innbyggarkontakt.

Frå desember 2021 var kommunalsjef for Kultur- og samfunnsutvikling på plass og kommunalsjef for Økonomi- og organisasjon kunne tre inn i si nye stilling.

Tilsyn og forvaltningsrevisjon

Tilsyn	Forvaltningsrevisjon	Status 2021
Økonomi og Organisasjon		
	Kritisk kompetanse	Pågår. Tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan juni 2022
	Styring og kontroll med investeringsprosjekt	Oppstart
Oppvekst		
Vanvik oppvekstsenter, miljøretta helsevern Tilsynsmynde: Senter for Miljøretta helsevern		
Helse og Velferd		
	Miljøtenesta – (Psykisk Helsehjelp) Førebygging og tidleg innsats	Gjennomført
Suldal heimetenester Føremål med tilsynet var å sikre at det i tilstrekkeleg grad blir jobba systematisk for å førebyggje fysiske og psykiske skadeverknadar knyt til arbeidsmiljø. Tilsynsmynde: Arbeidstilsynet		Ingen avvik eller merknader
NAV Undersøking om NAV si tilgjengelegheit under pandemien Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Rogaland.		Ingen store merknader
Suldal sjukeheim Tilsynssak knytt til brukar. Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Rogaland		Undersøkt og lagt bort'
Revisjon på betalingsordningar. Tilsynsmynde: Statsforvaltaren i Rogaland		Utan merknader.
Kultur- og samfunnsutvikling		
Tilsyn med utvalde kommunale bygg Tilsynsmynde: Haugaland brann og redning		Rapporten kom 23.12.2021. Utbetring vil skje i 2022
Teknisk drift, sikring og kontroll av høgdebasseng Tilsynsmynde: Mattilsynet		Gjennomført reingjering og kontroll av høgdebasseng og utskifting av låsar/nøklar.
Suldal bad, tilsyn med sklier Tilsynsmynde: Jernbaneverket		Klage på tilsyn sendt då aldri sklie og svingbrett er i bruk samtidig. Saka ligg hjå Kulturdepartementet

Tverrfagleg samarbeid

Alle einingar i organisasjonen har internt og eksternt samarbeid

Økonomi og organisasjon

- Samarbeid med RITS
- NoRoSun skjenkekontroll
- Digi Rogaland
- HØKON - økonomisamarbeid mellom kommunar på Haugalandet og Sunnhordaland

Oppvekst

- PPT har kontaktpersonar som har faste samarbeidsmøte i barnehagar og skular
- Einingane arbeider tverrfagleg gjennom Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) arbeidet saman med PPT, helse, politi, SLT, barnevern med meir
- Fleire av einingane samarbeider med BUP og Statped
- Samarbeid med Sauda om modell for kvalitetsutvikling i barnehagar og skular
- Fleire skular samarbeider om kompetanseutvikling i eit partnerskap med HVL gjennom desentralisert ordning gjennom skulenettverket NordR med tema "Motivasjon og Lærelyst på få-delte skular"
- Fleire einingar har samarbeid med Ryfylkemuseet gjennom museumspedagogen
- Barnehagane deltar i regionalt arbeid med kompetanseutvikling i partnerskap med HVL og kommunalt barnehageforum nettverk nord med tema "Pedagogiske leiing"

Helse og Velferd


- Dei fleste einingar er med i ulike nettverk som har fokus på drifta. Eksempelvis Velferdsteknologi, nettverk for aldersvennleg samfunn, Strukturert tverrfagleg oppfølgingsteam og nettverket for "det handlar om meg, del 2 som er eit nettverk for tilsette som jobbar med menneske med nedsett funksjon
- Einingane samarbeider utover nettverka med ulike tenester innan interkommunal spesialisthelseteneste
- Nav Suldal har faste møter med Rysteg, Arbeidslivssenterert ,andre Nav kontor i Nord-Rogaland og Kriminalomsorga

Kultur- og samfunnsutvikling

- Stadig meir samarbeid med Statsforvaltaren og Fylkeskommunen og Innovasjon Norge
- Nært samarbeid med Sauda og Setesdalen på høvesvis landbruksforvaltning og landskapsvernområde og villrein
- Samarbeid med Ryfylkemuseet om byggeskikk, kulturminne og garden Li
- Samarbeid med Suldal Vekst om næringssaker og turstiar
- Kultur samarbeider utover det interne med Kulturhaust i Ryfylke og Ryfylkemuseet, ulike nettverk som Norsk kulturforum, Norske kulturhus, Film og Kino, Dansenett Norge, Norges frivilligsentralar med fleire.

Avvik

Alle avvik er handsama via felles avvikssystem og handsama snarast råd. Av 359 innmeldte avvik så var 350 av avvika lukka ved slutten av året. Alle typar avvik blir meldt inn. Det er både mindre alvorlege avvik som gløymt å låse døra til alvorlege avvik som truslar/vald.



Kompetanse

Økonomi og organisasjon

- 1 tilsett har teke kurset God forvaltningsskikk; rettstryggleik, kommunikasjon og konfliktforståing i forvaltninga ved UiB
- 1 tilsett har teke kurs i digitalisering og leiing ved MOR
- 1 tilsett har teke årsstudium i organisasjon og leiing ved høgskulen i Innlandet
- 1 tilsett har teke fag i økonomi og administrasjon samt digitalisering

Helse og Velferd

- 1 tilsett tar desentralisert sjukepleiarutdanning.
- 3 tilsette tar norsk/matematikk for å kunne gå desentralisert sjukepleie hausten 2022.
- 2 tilsette utdannar seg til helsesjukepleiar
- 1 tilsett tar jordmorutdanning
- 1 tilsett tar utdanning innan desentralisert vernepleie
- 2 tilsette har tatt etterutdanning i spesialisering (LIS)
- 1 tilsett tek kurs i Samplan – 30 studiepoeng
- Ulike fagutdanningar blir også tatt av fleire helsefagarbeidarar

Kultur- og samfunnsutvikling

- 2 tilsette har tatt lesarservicekurs på bibliotek,
- 4 tilsette har tatt reinhaldskurs med fagbrev,
- 1 tilsett tar utdanning i Samplan – 30 studiepoeng,
- 1 tilsett tar fagbrev reinhaldsoperatørfaget
- 1 tilsette tar kurs driftsoperatør V/A
- 3 tilsette tok kurs i asbestkartlegging


Oppvekst

- 3 tilsette ferdig med kompetanse for kvalitet vår - 30 studiepoeng
- 7 tilsette starta med kompetanse for kvalitet haust – 30 studiepoeng
- 2 tilsette er ferdig med rektorskulen – 30 studiepoeng
- 4 tilsette tar arbeidsrelatert barnehagelærerutdanning –180 studiepoeng
- 8 tilsette tar kurs i programmering – 40 timar

Arbeidsmiljø og likestilling

Tilsette/årsverk

Suldal kommune har i overkant av 432 budsjetterte årsverk fordelt på 518 fast tilsette (tal per desember 2021, PAI-statistikk). I praksis vil tal tilsette og tal årsverk variere med kor mykje sjukemeldingar, permisjonar med meir som organisasjonen har. Det er flest tilsette i helse og omsorg.



Likestilling og diskriminering

Suldal kommune arbeider for reell likestilling når det gjeld lik løn for arbeid av lik funksjon, kompetanse og utdanning. Heile stillingar er ein viktig føresetnad for å oppnå full likestilling.

I samsvar med dei etiske retningslinene arbeider Suldal kommune mot ei kvar form for diskriminering, og ventar at folkevalde og tilsette bidrar til å verkeleggjera denne haldninga. Inkludering, likestilling og mangfald skal vera ein naturleg del av heile verksemda.

Blant 570 tilsette (alle tilsette inkludert vikarar) i Suldal kommune er det 96 menn, tilsvarande 16,8 %. Ser ein på tal årsverk, er det 18,06 % menn. Denne fordelinga har vore stabil dei siste åra. På landsbasis er det 25 % menn tilsett i kommunal sektor, Suldal kommune har færre menn tilsett enn landssnittet.

Gjennomsnittleg stillingsprosent i Suldal kommune er 82,2 % som er opp 1,2 % frå 2020. Kvinner har i snitt 81 % stilling i Suldal kommune, medan menn i snitt har 88,1 % stilling. 75 % av menn arbeider i 100% stilling, medan berre 46,2 % kvinner har 100 % stilling. For kvinner er det ein oppgang i heile stillingar på i overkant av 4 % frå 2020. For alle område har menn høgare stillingsprosent enn kvinner. Innan helse og omsorg har til dømes 50 % av tilsette menn 100 % stilling, medan 34 % av kvinner har det same.

Snittalder er det området kvinner og menn stiller mest likt i Suldal kommune. Gjennomsnittsalder for tilsette er 45 år, der kvinnelege tilsette i snitt er 44 år, og menn 46.

Strategisk leiargruppe var i 2021 sett saman av kommunedirektør og 3 kommunalsjefar fram til 1. desember då me fekk ein ny kommunalsjef for kultur- og samfunnsutvikling. Det var 3 kvinner og 2 menn i den øvste leiargruppa. Av 24 einingsleiarar var 18 kvinner og 6 menn. 73 % av alle leiarar i Suldal er kvinner. Det er ein klar overvekt av kvinner også i leining, som i resten av organisasjonen. Det er flest menn i leiande stillingar, om ein samanliknar med talet i resten av organisasjonen, og også om ein samanliknar med landssnittet, der 25% av kommunale leiarar er menn.

Arbeidsmiljø

Det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet skal bli systematisk kartlagt ved gjennomføring av:

- Medarbeidarsamtalar (Alle over 60% stilling skal ha tilbod om årleg samtale.)
- Årlege vernerundar
- Medarbeidarundersøking kvart tredje år.
- Sjukefråværsstatistikk og sjukefråværsoppfølging.
- Rapportering og oppfølging av uønskete hendingar/avvik.

Det er lagt opp til at me nyttar medarbeidarundersøkinga 10-faktor kvart tredje år. Sist var i 2019. I mellomtida arbeider organisasjonen med oppfølging og vidareutvikling av deira fokusområde frå 10-faktor undersøkinga.


AMU har gjennomført 5 møter og hatt 23 saker til handsaming. Det er ein nedgang frå tidlegare som følgje av 2 avlyste møte. Avvik og sjukefråvær er faste saker på agendaen. Bedriftshelsetenesta orienterar om arbeid i verksemda. Arbeidsmiljø er eit viktig område for AMU. Tilbakemeldingane frå organisasjonen vitnar om eit godt arbeidsmiljø. AMU får tildelt velferdsmidlar, og set av unytta midlar på fond. Midlane er lite nytta dei siste to åra på grunn av pandemi. Suldal har i 2 år vore med på eit arbeidsmiljøprosjekt i regi av KLP med støtte til arbeidet. Ettersom ein ikkje fekk høve til å samle alle leiarar, tillitsvalde og verneombod i 2021 for seminar med fokus på arbeidsmiljø fekk ein i staden spelt inn føredraget av Ståle Einarsen frå Arbeidsmiljøspesialistane på video. Fordelt på 3 dagar vart alle leiarar, tillitsvalde og verneombod presentert for filmen, avslutninga av sjukefråværsprosjektet og vegen vidare. Alle leiarar og tillitsvalde hadde felles «opplæring» i Hovudavtalen i ei storsamling i oktober. Kommunedirektøren opplever eit godt samarbeid i organisasjonen mellom leiarar, tillitsvalde og verneombod.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i Suldal kommune var i 2021 på 7,20 %. Det er det beste av dei 4 siste åra. Blant menn var sjukefråværet på 4,1 %, medan det blant kvinner var på 8,6 %.

Totalt

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger




Helse og omsorg

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger




Oppvekst

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Kultur- og samfunnsutvikling


I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger





HANDLINGSPROGRAM 2021-2024

Handlingsprogrammet følger opp måla og strategiane som er satt i "Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024".



Gul farge viser til målsetjingane i kommuneplanen



Grøn farge er utførte-tiltak for året, nokon av desse tiltaka er likevel kontinuerlege



Oransje farge er tiltak som er under arbeid men ikkje kan kategoriserast som utført



Raud farge er ikkje utførte tiltak

1. Folketal og arbeid

Mål: Fleire skal bu og arbeida i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
Planstrategi	1.0 Gjennomføra analysar og laga strategiar for å rekruttera nye innbyggjarar	Del av kommuneplanarbeidet – vert starta opp i 2022
1.1 Den viktigaste målgruppa for arbeidet med tilflytting til Suldal er Suldalsungdom.	1.1.1 Halda fram med gratis abonnement av Suldalsposten til studentar og militære, jf. avtale med Suldalsposten	Vert gjort
	1.1.2 Tiltak for å rekruttere fleire innbyggjarar inkludert å kunne tilby barnehageplass til nye innbyggjarar	Vert gjort
	1.1.3. Rekruttering Sauda VGS. Det vert etablert ei forsøksordning med eit stipend for Suldals-elevar som vel Sauda vgs, for skuleåret 20/21 og 21/22 med inntil 10 000,-.	Vert gjort
1.2 Kommunen skal ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter på Sand og i grendesentra. Områda for spreidd busetnad som allereie finst skal oppretthaldast.	1.2.1 Teknisk planlegging og opparbeiding bustadfelt a. Opparbeiding bustadfelt Suldalsosen	Klypetjørn/Brakåsen del I er ferdig opparbeidd - oppmåling og utlysing av tomter våren 2022.
	b. Opparbeiding bustadfelt Stølane Aust	Ferdig sommar 2021. Tomtene er annonserte.
	c. Teknisk planlegging Sandaneset Opparbeiding Sandaneset	Arbeid med detaljplan er i gong, byggestart våren 2022
	d. Regulering og opparbeiding av bustadfelt Randåsen/ Klypa	1.gongs handsaming av reguleringsplan sep 2021
	e. Arbeida vidare for å finna attraktive bustadtomter på Nesflaten	Har kontakt med Hydro om 3 tomter i Kilen. Ser også på fritidseigedom som er til sals som eigna bustad-tomter – 2 stk.
1.3 I kommuneplanperioden kan det dukka opp nye utenkte prosjekt. Når kommunen får søknader som kan føra til nye arbeidsplassar er dette samfunnsinteresse av så stor vekt at det talar for dispensasjon frå vedtekne planar.		
1.4 Det er eit mål at det skal vera utleigebustader tilgjengeleg.	1.4.1 Kjøp av husvære frå utbyggjarar	Ikkje vore aktuelt i 2021.
1.5 Som eit ledd i å halde på og å tiltrekkje seg fleire barnefamiliar skal kommunale tilbod som gjeld desse prioriterast.		
1.6 Tilflyttarar frå både inn- og utland skal integrerast i Suldalssamfunnet. Grendautvala, skular og barnehagar i tillegg til frivillige krefter har ei særskild rolle i dette arbeidet.	1.6.1 Gje velkomstpakke til nyinnflytta	Gjennomført
	1.6.2 Forsøka å tilby vennefamiliar til alle nye flyktningfamiliar som flyttar til Suldal.	Vert gjort
1.7 I Suldal skal me ha nærleik til gode tilbod. Kommunesenteret Sand skal med medvit byggast til ein stad som innbyggjarane i grendene ynskjer å nytta som kommunesenter.	1.7.1 Halda fram med støtte til sentrumsleiar. Støtta skal fortrinnsvis nyttast til arbeid med nyutvikling av arrangement.	Gjennomført

2. Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik

2.1. Areal og arealutvikling

Mål : Ei berekraftig og langsiktig forvaltning av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfaldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	2.1.0.1 Oppretta rådgivarstilling i kommunedirektøren sin stab. (30% finansiert ved prosjektmidlar)	Tilsett ny kommunalsjef for kultur- og samfunnsutvikl.
2.1.1. Styrka Sand som kommunesenter, men og syta for livskraftige grender.	2.1.1.1 Gjennomføre tiltak i Sand sentrum med bakgrunn i vedtekne reguleringsplanar	Pågår
	2.1.1.2 Prosjektering og opparbeiding av Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane i tråd med vedtatt reguleringsplan for området	Pågår prosjektering av kaiområdet - oppstart fysisk arbeid over ferien 22
	2.1.1.3 Samarbeida med reise- og næringsliv om ein felles strategi for marknadsføring av sentrum som ein stad for oppleving og handel	Samarbeid med sentrumsgruppa om aktivitetar i sentrum – ikkje utarbeidd strategi
2.1.2. Ha tilgjengelege attraktive bustad-tomter på Sand og i alle grendesentra. Ha tilgjengelege leigebustader i kommunesenteret. Vurdera omforming og fortetting som alternativ og supplement til bruk av nye område, særleg på Sand der ein konkret bør sjå på moglegheitene innan reguleringsplanane for Prestaåsen og Randåsen.	2.1.2.1. Sjå punkt 1.2	
2.1.3. Syta for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert ivaretekne i planlegging og utbygging av bustadområde. Alle nye bustadområde skal ha leikeplassar.	2.1.3.1 Nyttar rutinane som sikrar medverknad i planprosessane for lovfesta organ, samt folkehelseperspektivet og at barn og unge sitt perspektiv skal ivaretakast	Gjennomført
	2.1.3.2 Framtidige leikeplassar i samband med planlagd opparbeiding av nye bustadfelt skal ha miljøvenleg underlag.	Er med i planlegginga
2.1.4. Ha eit langsiktig perspektiv på Suldal som hyttekommune. Nyttar strandsoneanalysen ved tilrettelegging for hytter langs sjøen. Vera positiv til forsiktig fortetting og utviding av hytteområde langs sjøen der dette kan skje utan større konflikter. Ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensialet er realisert. Vera varsam med tilrettelegging for hytter i fjellområde med villrein og andre viktige verneverdiar. Kommunen vil halda på byggegrensa for hytter i Breiastøldalen.	2.1.4.1. Vurdera dette i arbeidet med kommuneplanen.	Er med i planlegginga
	2.1.4.2. Tilskot til opparbeiding av tursti Fjellbergskaret	Gjennomført
	2.1.4.3 Vann og avløp til Rotaområdet (Sjå 2.3.2.3)	Pågår
2.1.5 Ha tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Sand og elles vera positiv til næringsetablering i alle grender. Byggemodna kommunale næringsområde i grendene etter behov og etterspurnad. Bidra til smidig dispensasjonshandsaming dersom det kjem	2.1.5.1 Vurdera nytt næringsareal på Sand i kommuneplanarbeidet	Pågår

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
søknader om viktige næringsetableringar i kommuneplanperioden i område der det ikkje er opna for dette og der slik etablering kan skje utan vesentlege konflikhtar med ålmenne interesser.		
	2.1.5.2 Starta opparbeiding av næringsområdet ved Tysingvatn. Utarbeiding av skisseprosjekt m/kostnadskalkyle (I 2022 er det sett av 20 mill til utbygging av næringsområder)	Arbeid med skisseprosjekt er bestilt frå Omega
2.1.6 Ha ei berekraftig forvaltning av sjøområda med vekt på fleirbruk, men der einskilde område kan avsetast til meir eksklusiv bruk. Ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord på ein god måte. Satsa på større, felles småbåtanlegg.		
2.1.7 Ta omsyn til ålmenta sine interesser, verneverdiar og tryggleik i arealforvaltninga og leggja folkehelseprinsippet til grunn. Legga til rette for friluftsliv ved t.d. etablering av samanhengande turveg/stisystem også i låglandet, jf.. Sti- og løypeplan.	2.1.7.1 a Planleggja og opparbeida tursti- system på strekninga Garaneset- Suldalsosen	Kontakt med grunneigarane i Sandsbygda og Førland om bruk av vegar som går i området.
	2.1.7.1 b Høse "Langs Lågen" (INV) Parsell Gåsavikja - Garaneset, prosjektering og gjennomføring (Spelemiddelprosjekt)	Parsell Ryfylke Fjordhotel – Høsebrua er etablert. Igangsett prosjektering av gangvegen mellom Gåsavikja og Garaneset.
	2.1.7.2 Årleg vedlikehald, rydding og justeringar av trasear i skiløypenettet.	Gitt tilskot
	2.1.7.3 Støtte skilting og utstyr i høve det frivillige arbeidet med stirydding	Gitt tilskot
	2.1.7.4 Badeplass Neset (INV) Gjennomføring i etterkant av prosjektet Nytt kloakkrensaneanlegg Sand. Gjennomføring i 2020 (Spelemiddelprosjekt)	Gjennomført
	2.1.7.5 Kartleggja offentleg tilgjengelege badeplassar i kommunen. Vurdera toalett-tilhøva.	Gjennomført
	2.1.7.6 Tiltak ved badeplassane etter kartlegginga. Havn i Erfjord har første prioritet.	Gjennomført
	2.1.7.7 I samarbeid med fylkeskommunen få sett opp ei dagsturhytte	Plassering Bjøldenuten på Suldalsosen. Grunnarbeid ferdig hausten 21, sjølv hytta våren 22.
2.1.8 Syta for at viktige jord- og skogbruksområde og framtidige ressursar som t.d. viktige grus- og pukkreserver, ikkje vert nedbygde ved t.d. spreidd bygging.		
2.1.9 Forvalta Suldalsheiane i tråd med prinsipp som er nedfelte i "Heiplanen".	2.1.9.1 Delta i aktuelle samlingar og prosjekt.	Er med der det er aktuelt
2.1.10 Forvalta areala langs Nasjonal turistveg Ryfylke, inkludert Rv 13 gjennom Suldalsdalføret, på ein måte som opprettheld og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.	2.1.10.1 Arbeida for rasteplass ved (Helganes) - Kalhagen	Arbeidet pågår - spleiselag med Statens vegvesen der kommunen er byggherre. Mykje er på plass – arbeider mot ferdigstilling våren 22. Asfaltering av vegar etterkvart.
	2.1.10.2 Vera aktiv for at det blir skoga og rydda slik at det blir god utsikt	Liten aktivitet frå Statens vegvesen si side grunna koronasituasjonen

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	2.1.10.3 Saman med Suldalsalliansen arbeida for tilrettelegging og aktivitetar i reiselivssamanheng	Gitt støtte til ulike aktivitetar
	2.1.10.4 Setja opp velkommen til skilt til alle grender	Hatt kontakt med Statens vegvesen Må også ha kontakt med fylkeskommunen Arbeidskrevjande prosjekt.
	2.1.10.5 Arbeida mot Statens vegvesen for å få etablert ein rasteplass ved Djuvet	

2.2. Næring

Mål: Suldal skal vera attraktiv for nærings- og besøksutvikling, verdiskaping og vekst med grunnlag i lokale ressursar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
Planstrategi	2.0.1 Utarbeida strategi for nærings- og arbeidsplassutvikling	Arbeidet er i gong, har gått seinare enn tenkt grunna koronarestriksjonar.
2.2.1. Påverka og forbetra rammevilkåra for næringslivet	2.2.1.1 Kjøp og utvikling av næringsareal (INV) (jf. 2.1.5.2)	Sjå pkt 2.1.5.2.
	2.2.1.2 Ved politisk sémje om trong for nytt næringsareal før 2020 vil Suldal kommune på kort varsel syte for nødvendige løyvingar og igongsetting av slik opparbeiding.	Etter å ha tatt saka opp i LMT var tilbakemeldinga at ein ønskjer å legge til rette areal etter behov og førespurnad.
2.2.2. Fremja utvikling og vekst i eksisterande næringsliv	2.2.2.1 Landbruket i Suldal skal og i framtida vera ei av dei viktigaste næringane, og eksisterande støtteordningar skal oppretthaldast,	Det er nytta vel 1 million kr. i 2021. Resterande midlar avsett på bundne fond til bruk til same føremålet i 2022, ref. K-sak 110/21
	2.2.2.2 Fullføra prosjekt «Suldalsbonden mot år 2050».	Løyvde mildar er avsette på fond. LMT-utvalet ansvarleg for framdrifta.
	2.2.2.3 Støtta opp om Suldal vekst sitt arbeid i høve innovasjon og entreprenørskap.	Vert gjort
	2.2.2.4 Ha fokus på moglegheitene i «lov om offentlege anskaffelser» og anna regelverk for å styrkja deltaking frå lokalt næringsliv i tråd med kommunen sin innkjøpsstrategi	Vert gjort
	2.2.2.5 Støtta opp om Rygjatun Eigedom si oppgradering av bygningsmassen gjennom årleg tilskot.	Gjennomført
	2.2.2.6: Revidera aksjonsplan landbruk	Del av kommuneplanarbeidet
2.2.3. Ha fokus på utvikling av gründermiljø	2.2.3.1 Støtta opp om Suldal Vekst sitt arbeid med entreprenørskap blant barn og unge der Læring i næring er eit av verktøya.	Vert gjort
	2.2.3.2. Delta aktivt i "New kaupang"	Deltek

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
<p>2.2.4. Utvikla besøksnæringane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Reisemålsutvikling • Sentrumsutvikling • Styrka Sand som handels- og opplevingssentrum • Opplevings- og kulturnæringsutvikling • Utvikla gode nettverk mellom offentlege og profesjonelle kulturaktørar, reise- og næringsliv som saman bidreg til utvikling av kulturlivet og skaper synergjar i samfunnsutviklinga. 	<p>2.2.4.1. Sentrumsareal, Sand (INV) Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane Sjå også 2.1.10.3</p>	<p>Planlegging og prosjektering pågår. Målsetjinga er anbod våren og start på arbeidet i løpet av tidleg haust. Oppstart av arbeidet vert bestemt i samråd med Sandsgruppa – ikkje ynskjeleg med anleggsarbeid i turistsesongen.</p>
<p>2.2.5. Ha fokus på rekruttering av bransjespesifikk arbeidskraft</p>		

2.3. Kommunal infrastruktur

Omfattar bygg og eigedomar, vegar, kaiar, vassforsyning og avløpsanlegg.

Mål: Suldal kommune skal ha ein god og kostnadseffektiv infrastruktur.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.3.1. Utbygging, drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur skal vera kostnadseffektivt. Det skal utarbeidast vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg og anlegg.	2.3.1.1 Fornyng kulturhuset (INV)	Arbeid med nytt stolamfi blei slutført september/oktober.
	2.3.1.2 Bygga om Jelsa bu og omsorgssenter til dagsenter, personalbase og servicebustader Husbandmidlar	Bygget vart opna og teke i bruk hausten 21.
	2.3.1.3 Oppgradering av Suldalshallen (Spelemiddelprosjekt)	Ikkje starta, ligg i økonomiplanen i 2024 5. mill. Og 2025 5. mill.
	2.3.1.4 Ombygging Suldal sjukeheim, prosjektering og gjennomføring	Eiga sak er politisk handsama. Planlegging pågår. Anbod på riving og bygging i løpet av våren 22. Vert lyst ut som hovudentreprise.
	2.3.1.5 Utarbeida vedlikehaldsplanar for uteområde ved barnehagar og skular.	Ikkje laga eigne planar, men deler av dette inngår i IK-bygg.
	2.3.1.6 Bygga om Vinjarheim Husbandmidlar Driftskonsekvensar	Heng saman med pkt. 2.3.1.4.
	2.3.1.7 Forprosjekt fornyng av leidningsnettet VA	Ikkje starta opp enno
	2.3.1.8 Ny brannstasjon Jelsa Utbygging	Bygget vart opna og teke i bruk hausten 21.
	2.3.1.9.a Universell utforming Kyrkjebygg	Arbeidet pågår. Siste prosjekt er universell tilkomst Nesflaten kapell.
	2.3.1.9.b Tak Erfjord kyrkje (driftstiltak)	2022
	2.3.1.9.c. Jelsa kyrkje, brannsikring og oppvarming (driftstiltak) Tilskot frå Riksantikvaren	Arbeidet pågår med prosjektering.
	2.3.1.10 Prosjektstilling feiing	Ikkje iverksett. Uklare meldingar frå HBR iks korleis denne tenesta skal utførast. Om kommunen må utarbeide oversikt over alle fritidsbustader med eldstad, eigar og plassering i kart til HBR iks er det ein omfattande jobb. I tillegg kjem fakturering av avgiftene.
	2.3.1.11 Ekstra reasfaltering	Delvis gjennomført, rakk ikkje meir før vinteren kom.
	2.3.1.12 Erfjord kyrkje, parkeringsplass, tiltak gravlund m.v.	Arbeidet er ferdig med eit godt resultat.
	2.3.1.13 Oppgradering av Stølane barnehage	Ein avdeling ferdig.
2.3.1.14 Oppgradering av Dagsenteret	Ikkje gjort utført grunna manglande kapasitet. Startar januar 2022	
2.3.1.15 Bygga kryss ved Kjølvikstølen etter oppdaterte planar.	Utført i samarbeid med fylkeskommunen.	

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	Vurdera lys mellom dette krysset og Vatlandsvågkrysset.	
	2.3.1.16 Bygga kryss ved Erøyvik etter reguleringsplanen. Gå i dialog med grunneigar for å sjå på ei betre løysing for området rundt Betel og Erøyvik Trevare samt løysing for bustader ved vegenden.	2023
	2.3.1.17 Ny brannstasjon Suldalsosen Prosjektering Utbygging	Skisseprosjekt hausten 2021 med kostnadskalkyle for bygging av ny brannstasjon på Suldalsosen. Konseptet vil i stor grad bli ein kopi av brannstasjonen på Jelsa.
	2.3.1.18 Ny brannstasjon Sand Prosjektering	Det skal utarbeidast eit skisseprosjekt for ny brannstasjon på Sand. Oppstart av dette arbeidet er førebels ikkje tidfesta
	2.3.1.19 Musikksmia, carport / lager	Teke i bruk november 2021
	2.3.1.20 Suldal Bad, forventa utgifter rettsprosessen	Saka vart avslutta med rettsforlik.
	2.3.1.21 Ombygging gatelys til LED	Det er under vurdering ulike typar armaturar. Noko usikkert når prosjektet vil bli starta opp.
	2.3.1.22 Offentleg toalett Hålandsosen	Teke i bruk januar 2021
	2.3.1.23 Tømmestasjon for bubil	For det meste utført - litt oppussingsarbeid når vinteren slepp taket.
	2.3.1.24 Oppgradering uteområdet Randåsen barnehage	Oppstart vinter 2022
	2.3.1.25 Tilkomsten til brua i Hamrabø skal rustast opp	Ferdig sommaren 2021
2. Opprusting av kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstillar kvalitets- og miljøkrav.	2.3.2.1 Nytt Sand vassverk Prosjektering og utbygging	Planlegging pågår. Det vert også arbeid med reguleringsplan for klausuleringsområde rundt vassverket.
	2.3.2.2 Utbetring av kulvert Rallebekken Prosjektering og gjennomføring	Vi bli foreslått utsett og sett i samarbeid med vidare arbeid med reguleringsplanen for Sentrum nord.
	2.3.2.3 VA-utbygging Mosvatnet VA-utbygging Rota	Del I – Rota - vart ferdig og sett i drift rett for jul 21. Resten av arbeidet (i Osahaugane) vert starta opp våren 22.
	2.3.2.4 Ny vassforsyning Vatlandsvåg / Kjølvikstølen (INV) Planlegging Utbygging	Planlegging pågår.
	2.3.2.5 VA-anlegg Åsliane – Gullingen Utviklingsselskap Etablera hovudleidningsnett for VA-anlegg i nytt hyttefelt i Åsliane, Mosvatnet	Arbeid pågår med del I av prosjektet. Mange hyttetomter er selde og fleire hytter er bygde. Del II startar opp i 22.
	2.3.2.6 Driftovervakingssentral vassmålar	Ikkje starta

2.4. Klima-, energi- og miljø

Mål
<ul style="list-style-type: none"> • Klimautslepp i Suldal skal stabiliserast på 2009-nivå innan 2017. • Energiforbruket skal reduserast og auka del av forbruket skal koma gjennom bruk av alternativ fornybar energi. • Suldal kommune skal framleis vera ein stor produsent av vasskraft og vil auka produksjonen på ein berekraftig måte. • Det biologiske mangfaldet skal oppretthaldast, med særleg merksemd på trua og sårbare artar og naturtypar, på villaks og villrein. • Skapa forståing, respekt og stoltheit for den eineståande kulturarven me forvaltar i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	2.4.0.1. a Gje investeringstilskot til ladestasjonar for el-bilar knytt til RV 13 på Nesflaten, Erfjord og Suldalsosen	Ladestasjon er etablert på Suldalsosen i samarbeid med Lyse.
	b. Installere ladeboksar på kommunale bygg og bygge fleire kommunale sykkelkur	Ladeboksene er på plass. Planlegg sykkelkur.
	c. Andre miljøsatsingar	Ingen andre tiltak planlagt i år
	d. Me skal stilla relevante miljøkrav ved innkjøp av varer og tenester	Vert gjort.
	e. Vurdera å få energiattest for alle større kommunale bygg. Vurdera solcelleanlegg på nye bygg og eksisterande bygg.	Vert gjort.
	f. Vurdera å installera vassmålar i alle kommunale bygg	Vert gjort
	g. Vurdera elbil som førsteprioritet ved alle nye leasingavtalar eller kjøp av kommunale bilar.	Vert gjort
	f. Skogkulturprosjekt, miljøtiltak kombinert med sommarjobbtillbod.	Ikkje kome i gong
2.4.1. Kommunedelplan for klima og energi for Suldal kommune, vedteken 08.05.2012 skal leggjast til grunn for politikken på dette området.	2.4.1.1. Bruk av alternativ fornybar energi skal alltid vurderast ved utgreiing og planlegging av kommunale byggjeprojekt, nybygg så vel som rehabilitering. Einingane må ha fokus på ENØK-tiltak i den daglege drifta.	Vert gjort
	2.4.1.2 Styrka eigen kompetanse på ENØK-tiltak og støtte som kan gjevast til slike.	Gjennomføring av eigne tiltak gir oss erfaringar og kompetanse inkludert miljøsertifisering.
	2.4.1.3a. Arbeida for godkjenning av fleire Miljøfyrtårn i Suldal.	Pågår
	2.4.1.3.b. Miljøfyrtårnsertifisere alle einingar i Suldal kommune.	Pågår
	2.4.1.4 Setja av årleg beløp som tilskot til frivilljuge og andre som driv miljøretta opprydningsarbeid	Gjennomført
2.4.2. Retningslinjene for utbygging av små kraftverk skal følgjast.		
2.4.3. Ved revisjon av kraftkonsesjonar skal	2.4.3.1 Fullføra arbeidet med ny miljørevisjon for Ulla-Førre i samarbeid med Hjelmeland og Bykle.	Revisjon pågår

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
miljøaspektet tilleggas særskilt vekt.	2.4.3.2 Fullføra arbeid med miljørevisjon av Røldal-Suldal saman med Ullensvang kommune.	Revisjon pågår
	2.4.3.3 Arbeida for konsesjonsbehandling av RSK i det nye Lyse DA i løpet av gjeldande konsesjonsperiode	Gitt politiske innspel til prosessen
2.4.4. Støtta miljøfremjande tiltak i landbruket.	2.4.4.1 Vurdera gode klimaløysingar ved tildeling av landbruksstøtte.	Vert gjort
2.4.5. Auka kunnskapen om det biologiske mangfaldet og nytta denne aktivt i arealforvaltinga. Informera aktivt om dette på kommunen sine nettsider for å skapa auka forståing og interesse.		

2.5. Regionalutvikling

Mål: Suldal kommune skal vera ein aktiv pådrivar og deltakar i regional utvikling og samarbeid.

Suldal skal aktivt søkja regionale løysingar på felles utfordringar i Ryfylke og tilstøytande regionar (Haugalandet, Hardanger, Vest-Telemark og Setesdal).

Det gjeld samarbeid både med andre kommunar og private regionale interesseorganisasjonar. Samarbeidsgevinstane skal hentast ut gjennom å gjera samarbeidet meir forpliktande. Fellesløysingar skal veljast i staden for egne løysingar der det gir gevinst.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.5.1. Suldal vil aktivt ta del i nettverk og prosjekt som kan munna ut i nye interkommunale løysingar.	2.5.1.1 Delta aktivt i IT-samarbeidet i Ryfylke (INV)	Suldal deltek
	2.5.1.2 Arbeida for utvikling av nye tenestesamarbeid med Sauda, Ryfylke, Haugalandet eller andre aktuelle nabokommunesamarbeid	Ingen nye formelle samarbeid i 2021.
	2.5.1.3 Reduserte utgifter ved kjøp av tenester når overgangsordninga til HBR IKS er slutført	2022
2.5.2. Suldal vil delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv / reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.		

2.6. Samferdsle

Mål: Suldal skal ha trygge vegar – både internt og inn/ut av kommunen.
Suldal skal ha gode kollektivtilbod.
Elektroniske samband skal vera tilgjengelege for alle i Suldal.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
2.6.1. Arbeida for opprustning og rassikring av RV13	2.6.1.1 Arbeida for å framskunda rassikring i Rødsliane - eventuelt forskottering i lag med Rogaland fylkeskommune	Midlar vert avsett i tråd med vedtak
	2.6.1.2 Arbeida for ein heilskapleg plan på Rv 13 og at det kjem inn i rullering av neste NTP. - Strekninga Suldalsosen Nesflaten - Lovradalen - Lovraeidet - Eiane - Kilane - Rassikring Bratlandsdalen - Gong/sykkelveg Steine - Hauabjør	Politisk påverknadsarbeid.
2.6.2 Arbeida for heilt eller delope ferjesamband Nesvik-Hjelmeland til ferjesambandet eventuelt vert avløyst med bru/tunnel		
2.6.3. Arbeida for betre vedlikehald av riks- og fylkesvegar	2.6.3.1 Saman med Sauda og Vindafjord arbeida for utbetring av fylkesveg 46/520	Planarbeidet for utbetringar pågår - både ved Skipavåg og mellom Sandeid og Vikedal.
2.6.4. Arbeida for rydding / skoging langs riks-, fylkes- og kommunale vegar.		
2.6.5. Arbeida for å oppretthalda og utvikla raske og tenlege hurtigbåt – og bussruter inkl. ekspressbussruter. Det må vera korrespondanse mellom dei ulike rutetilboda.	2.6.5.1 Arbeida for oppretthalda gode kollektivtilbod mot Haugesund og Stavanger	
	2.6.5.2 Oppretthalda eit teneleg hurtigbåttilbod i heile Ryfylkebassenget	Sak vedteken i Fylkestinget
2.6.6. Arbeida for realisering av Haukelibanen.		
2.6.7. Arbeida for full mobildekning først og fremst der folk bur og ferdast.	2.6.7.1 Arbeida for mobildekning langs hovudferdselsårene i kommunen, gjerne gjennom eit spleiselag.	Det er jamnlege dialogmøter med Telenor.
2.6.8. Arbeida for full dekning av datasamband i samarbeid med elverket og andre aktørar.	2.6.8.1 Arbeida for vidare utbygging av fiber eller god 4G-dekning i alle deler av kommunen med busetjing.	Samarbeider med Telenor om mobilsendarar på Tysseland, Ulladalen, Hamrabø og Bismarvikja (Lågen/Bråtveit)
	2.6.8.2 Tilskot til fiberutbygging i kommunen. Inntil 50.000 kroner i tilskot til enkelthusstandar for tilknytning.	Dette er viktig del av finansieringa til enkeltkundar. Fleire stader har fått fiber gjennom denne ordninga - til dømes Sørrestad, Lunde og Berge.
	2.6.8.3 Fortsetja fiberutbygging. Fullføra Fjellet i Erfjord, Foldøy, Førland og Bråtveit. Planlegga og starta Vintraleå, Mogleiv og Hamrabø (kommunal prioritering)	Det er nå tilbod om fiber i Fjellet i Erfjord, Foldøy, Førland og Bråtveit. Jobbar med dei andre stadane som er utan fiberdekning saman med Haugaland kraft.

2.7. Samfunnstryggleik

Mål: Suldal kommune skal gjennom si planlegging førebygge risiko for kriser og ulukker, og arbeida med sikte på å bli minst mogleg sårbar i slike situasjonar.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	2.7.0.1 Gjennomføra årleg kriseøving for krisestaben. Ulike ytre etatar og eigne einingar bør vera med.	Planlegg skrivebordøving.
	2.7.0.2 Arbeida for gode og trygge skuleveggar i tråd med prioritert liste i Trafikktryggleiksplanen.	Kontinuerlig arbeid
	2.7.0.3 Revidera beredskapsplanen etter ny vedteken overordna ROS	Gjennomført, k-sak 108/21
	2.7.0.5 Vurdera alkoholås i kommunale bilar	Ikkje gjennomført

3. Kunnskapssamfunnet

Mål: Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.		
Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
	3.0.1 Kartlegge og vurdere areal til stort elevkull i 8 trinn ved Sand skule 2022	Arbeidsgruppa ved skulen har funne løysing i eige bygg.
3.1. Satsa på rekruttering og kompetanseutvikling for dei tilsette	3.1.1 Nytt statleg ordning for vidareutdanning innføre PP-tenesta	Denne ordninga er avvikla
	3.1.2 Vidareutdanning av lærarar/statleg ordning, kommunal eigendel	7 lærarar tar vidareutdanning i faga matematikk, engelsk og norsk
	3.1.3 Sikre tilstrekkeleg kompetanse på inkluderande pedagogikk, spesialpedagogikk og tilpassa opplæring gjennom rekruttering og vidareutdanning.	Ein lærar tar utdanning i spesialpedagogikk.
	3.1.4 Opplæring i digital kunnskap og bruk av digitale verktøy i barnehage	Dette er blitt sett på vent grunna koronasituasjonen
	3.1.5 Sand ungdomsskule må få naudsynt kompetanse til å tilby valfaget trafikk på ungdomstrinnet, jf. trafikktryggleiksplanen	To lærarar har tatt utdanning.
	3.1.6.a Vidareføre og sikre god implementering av læringsbrett i skulen ved å gjere bruk av kommunal støttetjeneste til bruk ved skulane.	To tilsette på IT har ansvar for skulane
	3.1.6.b Det vert sett av kr 300 000,- i 2021 som eit forsøk. Ordninga skal evaluerast saman med einingsleiarane som dette omfattar.	Tilsett ein digital rettleiar for skulane
3.2. Ha kvalitet i alle ledd	3.2.1 Innføre elektronisk logg for samhandling mellom tenester: «Stafettloggen»	Utført
	3.2.2 Gullingen leirskule skal ha høgt fokus på godt samarbeid med brukarskulane. Leirskulen skal vidare ha høgt fokus på å rekruttere nye brukarskular, og kan òg vurdere andre brukargrupper. Forhandla samarbeidsavtalar med andre kommunar.	Leirskulen er fullbooka i lang tid framover.
	3.2.3 Nye læremidlar til grunnskulen ved innføring av ny læreplan KL20	Har hatt eit samarbeid med utprøving av digitale læremidlar med kommunane på Haugalandet. Har inngått rammeavtale med valde forlag basert på kvalitet og pris.
3.3 Alle barn skal raskt bli inkluderte i barnehage, skule og fritid	3.3.1 Implementera satsinga Inkluderande barnehage- og skulemiljø	Erfjord skule, Vinjar skule, Vinjar barnehage, Sand skule og Stølane barnehage deltar som pulje 5 i satsinga via Udir
	3.3.2 Sikra eit godt og likeverdig tilbod til fleirspråklege barn. Eit viktig tiltak er å sikra tospråklege tilsette. Auke kompetansen på dette området i barnehagane og skulane gjennom relevant vidareutdanning.	Dette blir tatt med i rekruttering og lyst ut etter ved behov. Har ein lærar som tar norsk 2
	3.3.3 Nytt tospråklege lærarar og fagarbeidarar i barnehage og skule	Brukar fleirspråklege som språkstøtte i barnehagar og skular der me får tak i kompetansen.
	3.4.1 150% stilling til tidleg innsats i barnehagane	Barnehagane brukar støttepedagogane som ein del av tidleg innsats

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
3.4. Førebygging og tidleg innsats skal ha fokus	3.4.2 Stillingane avsett til ekstra tilrettelagt undervisning (1,5) skal nyttast målretta for å få ned talet på elevar som har vedtak om spesialundervisning	Skulane nyttar ressursen ved å sette inn tiltak i den ordinære opplæringa. Sjå måltal for skule.
	3.4.3 Vidareføre pilotprosjektet med overgangspersonell (1,0) med sikte på å gjera dette til ei fast ordning.	Tre skular har fått overgangspersonell med seg frå barnehage.
	3.4.4 Innføra MOT på ungdomsskulen. Ei satsing for å førebyggje mobbing, utanforskap og psykiske vanskar	Sand skula har innført MOT-programmet på u-steget
3.5. Dei ulike tenestene skal aktivt nytta foreldra som ressurs	3.5.1 Setja av 1 dag årleg med tema trafikktryggleik i skular og barnehagar, jf. trafikktryggleiksplanen	Gjennomført
3.6. Ha fokus på koordinering og samarbeid	3.6.1 BTI - Betre Tverrfagleg Innsats Implementera BTI-modellen, som sikrar tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.	Blir arbeidd med i alle tenestene som omhandlar barn og unge.
3.7. Medverknad frå barn og unge	3.7.1 Barna (elevråd, ungdomsråd...) skal bli høyrd når det blir utarbeida nye tenester og tiltak for barn og unge i kommunen	Elevråd og ungdomsråd blir brukt som høringsinstans
	3.7.2 Ungt entreprenørskap - nytta aktivt for å gi kjennskap og samarbeid med bedrifter i nærmiljøet	Har fått på plass ein samarbeidsavtale med Ungt Entreprenørskap.
3.8. Stimulera til fysisk aktivitet hjå barn og unge.	3.8.1 Følgja opp Trivselsprogrammet på alle skulane. Tilsette i skulen skal gjennom kurset "Aktiv TL-undervisning" få opplæring i meir bruk av fysisk aktivitet i opplæringa.	Det er gjennomført kurs for TL ved oppstart av nytt skuleår

4. Å bu og trivast

4.1. Folkehelse

Mål: God livskvalitet for alle i Suldal. Alle som bur og oppheld seg i Suldal skal møte trygge lokalmiljø som inviterer til ei aktiv fritid og fremjar god helse og trivnad.

Hovudstrategi	Tiltak	Kommentar
4.1.1. Iverksetja tiltak for å komme dei til ei kvar tid definerte helseutfordringane i møte.	4.1.1.3 Sikra at skjenking av alkohol skjer på ein måte som gjer at skadeverknadene blir avgrensa og at sosiale omsyn blir teke	Gjennomført - via interkommunal skjenkekontroll og løyvepolitikk
